



Øystre Slidre kommune
– rein naturglede!

UTGREIING AV MOGLEG ENDRA SKULESTRUKTUR I ØYSTRE SLIDRE

Forord

Øystre Slidre kommune står, som mange andre kommunar, overfor viktige vurderingar knytte til korleis vi skal sikre eit best mogleg skuletilbod for barn og unge i åra som kjem. Utvikling i elevtal, demografiske endringar og nye krav til innhald og kvalitet i opplæringa gjer det nødvendig å sjå nærare på om dagens skulestruktur er best rusta til å møte framtida.

Denne rapporten er utarbeidd for å gi politikarar, tilsette, føresette og innbyggjarar eit kunnskapsbasert grunnlag for vidare drøftingar. Rapporten skildrar dagens situasjon, moglege framtidige utviklingstrekk og moglege konsekvensar av ulike alternativ for skulestrukturen i kommunen. Målet er å leggje fram fakta og vurderingar som kan bidra til ein open og opplyst debatt.

Skulen har eit breitt samfunnsoppdrag. Han skal ikkje berre gi elevane fagleg læring, men også bidra til danning, inkludering, meistring og sosial utvikling. Samstundes blir det stilt stadig høgare krav til skulen når det gjeld tilpassa opplæring, tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og evna til å møte eit mangfald av behov hos elevane. I framtida må skulane i endå større grad vere i stand til å handtere samfunnsendringar og ny kunnskap. Dette stiller krav til både kompetanse, læringsmiljø og organisering av opplæringstilbodet.

Vi veit at spørsmål om skulestruktur engasjerer mange. Skulen er ein sentral del av lokalsamfunnet og ein viktig arena for fellesskap, identitet og oppvekst. Derfor er det avgjerande at vurderingar av moglege endringar blir gjorde på ein open og grundig måte, med respekt for ulike perspektiv og interesser.

Rapporten tek ikkje sikte på å gi eitt svar på kva som er den rette løysinga for framtida. Han skal vere eit fagleg grunnlag for vidare politiske prosessar og bidra til at eventuelle avgjerder blir tekne på eit best mogleg informert grunnlag. Det er kommunestyret som til slutt skal ta stilling til framtidig skulestruktur i Øystre Slidre kommune.

Eg vil takke alle som har bidrege med kunnskap, erfaringar og innspel i arbeidet. Eg håpar rapporten kan leggje til rette for ein konstruktiv dialog om korleis vi best kan vidareutvikle eit inkluderande, framtidsretta og kvalitativt godt skuletilbod for barn og unge i Øystre Slidre.

Jostein Aanestad
Kommunedirektør

Samandrag

Forventningar og krav til skulen har endra seg betydeleg dei siste 20 åra, og det er forventa at skulen tilpassar seg endringar raskt. Dette er eit av bakteppa i arbeidet med skulestruktur.

Med dagens skulestruktur vil det vera noko under og noko over 100 elevar på kvar skule ut i frå SSB sine framskrivingar. Med ein barneskule og ein ungdomsskule vil det vera rundt 200 elevar på barneskulen og 100 elevar på ungdomsskulen. Ved ein skule vil det vera rundt 300 elevar. Uansett skulestruktur vil skulane/skulen i Øystre Slidre vera små/middels stor.

Forsking, offentlege utgreiingar og anna faglitteratur gir ikkje svar på kva som er den beste skulestrukturen for å få best læringsmiljø og dei beste forutsetningane for læring.

Innspel frå tilsette, andre fagpersonar, føresette og elevar syner grovt sett at ei overvekt av føresette er negative/kritiske til å endre skulestrukturen. Tilsette og elevar er meir blanda i meiningane sine og andre fagpersonar samt leiinga er mest positive til endring. Generelt er tilbakemeldingane at det er sårbart med klassestorleik i dagens skulestruktur og at profesjonsfellesskapet og rekruttering vil kunne bli betre ved å endre skulestrukturen. Mange av respondentane seier at fordelene med dagens struktur er at det er små forhold, og det er lettare å bygge relasjonar. Dette er trygt for elevane. Leiinga er nær tilsette og elevar.

Barnets beste vil i ei skulestruktursak gjelda alle barn i kommunen. Barnets beste er vurdert i utgreiinga.

Basert på det kunnskapsgrunnlaget som er henta inn, kan ikkje arbeidsgruppa konkludere med at ein endra skulestruktur i seg sjølv vil gi betre kvalitet i skulen i Øystre Slidre. Rapporten belyser likevel mange viktige faktorar for kva ein bør ta tak i for å betre kvaliteten i skulen, uavhengig av skulestruktur.

I arbeidet med rapporten har det kome fram faktorar ved dagens struktur som kan hemme kvalitetsutviklinga i skulen, særleg innanfor leiing, robuste profesjonsfellesskap og tverrfagleg samarbeid. Større einingar kan gi betre rom for arbeidet med å utvikle desse faktorane. Med bakgrunn i dette, nasjonale føringar for skulen og krav til omstilling til sektoren tilrår eit fleirtal i arbeidsgruppa å gå vidare i utgreiingsarbeidet. Det er likevel viktig frå arbeidsgruppa si side å streke under at ei strukturendring i seg sjølv ikkje er svaret på utfordringane skulen i Øystre Slidre står overfor i dag og framover i tid.

Innhold

Forord	1
Samandrag	2
Innhold	3
1. Bakgrunn.....	6
1.1 Mål med utgreiinga.....	6
1.2 Avgrensing i utgreiinga	6
1.3 Metode.....	6
1.4 Kort beskriving av dagens skular.....	8
KAPITTEL 2: BARNETS BESTE	9
2.1 Barns beste vurdering	10
KAPITTEL 3: KVALITET I SKULEN	11
3.0 Definisjon læring og læringsmiljø	12
3.1 Nasjonale føringar	12
3.3 Forsking og aktuell faglitteratur.....	17
.....	21
KAPITTEL 4: STATISTIKK OG ERFARINGSBASERT KUNNSKAP	21
4.1 Elevtal	22
4.2 Individuell tilrettelagt opplæring	22
4.3 Særskild språkopplæring.....	22

4.4 Bemanning	23
4.5 Skulefritidsordning	23
4.6 Elevundersøkinga.....	24
4.7 Faglege resultat	24
4.8 Skuleskyss.....	24
4.9 Turnover og sjukefråvær.....	24
4.10 Kommunalsjefen sine erfaringar	25
4.11 Erfaringar frå andre kommunar.....	26
KAPITTEL 5: MEDVERKNAD.....	27
5.1 Medverknad	28
5.2 Funn frå brukarmedverknad.....	29
KAPITTEL 6: OPPSUMMERING OG ANBEFALINGAR	38
6.1 Læring og læringsmiljø	39
6.1.1 Kulturelle forhold.....	40
6.1.2 Relasjonelle forhold.....	41
6.1.3 Fysiske forhold	42
6.1.4 Rammer for kulturelle og relasjonelle forhold.....	42
6.1.5 Læring	43
6.2 Barnets beste vurdering.....	44
6.4 Arbeidsgruppa si anbefaling	46

KAPITTEL 7: VEGEN VIDARE	47
KAPITTEL 8: VEDLEGG OG KJELDELISTE.....	49
8.1 Vedlegg.....	50
8.2 Kjeldeliste	51



KAPITTEL 1: BAKGRUNN



1. Bakgrunn

1.1 Mål med utgreiinga

Kommunestyret i Øystre Slidre har i «10 på topp»-prioriteringane i økonomiplanen 2026–2029 slått fast at kommunen innan 2026 skal greie ut verknadene av mogleg endra skulestruktur. Utgreiinga skal særleg vurdere korleis ulike strukturalternativ vil påverke læringsmiljøet, elevane si læring og utvikling, samt korleis endringar kan slå ut for lokalsamfunna i kommunen. Konsekvensar for lokalsamfunnet er delvis vurdert, jamfør plan for utgreiinga av mogleg endra skulestruktur i Øystre Slidre kommune, vedteke i kommunestyret 13.11.2025.

Dette er eit arbeid som tek for seg kvaliteten i opplæringa, rekruttering og arbeidsmiljø, god ressursutnytting og kommunen si langsiktige utvikling. Difor skal prosessen byggje på brei medverknad og open dialog. Kommunestyret har presisert at FAU, tilsette, leiarar og andre relevante aktørar skal involverast aktivt. Elevane og dei tilsette – inkludert skoleeigarane – er dei viktigaste aktørane i skulen, og innsikta deira er viktig for å sikre ei kunnskapsbasert og relevant utgreiing.

Utgreiinga skal ta omsyn til at grunnskulen i Øystre Slidre skal vera fleksibel nok til å tilpasse seg samfunnets krav i tida framover. Viser dette kunnskapsgrunnlaget at ei endring av skulestrukturen vil bidra til forbetring i læringsmiljø og læring, skal verknaden av endringane greiast vidare ut, m.a. vidare verknader for lokalsamfunnet.

1.2 Avgrensing i utgreiinga

Oppdraget frå kommunestyret er å greie ut verknadane ved mogleg endra skulestruktur med vekt på læringsmiljø, læring og lokalsamfunn. Økonomi er ikkje med i grunnlaget eller i vurderingane i utgreiinga. Det er sett på tre ulike skulestrukturar:

- Dagens skulestruktur med to barneskular og ein ungdomsskule
- Ein barneskule og ei ungdomsskule
- Ein grunnskule, 1.-10.trinn.

Denne utgreiinga tek ikkje for seg lokalisering av skulane. Likevel har det vore naudsynt å seie noko om område for å unngå lokaliseringsdebatt mellom grendene. I omtala av dei to siste alternativet har ein take utgangspunkt i at lokaliseringa vil vere ein stad midt i kommunen.

1.3 Metode

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som har utarbeida rapporten:

Rolle	Representant
Kommunalsjef opplæring og kultur, helse og omsorg Leiar for arbeidsgruppa	Kjersti Hedalen
Rektor	Are Alund
Pedagog	Terje Larsen
Fagarbeider	Karianne Lien
Skulehelsetenesta	Tonje Bakken
Tillitsvalde	Gro Anita Trøyflat
Foreldrerepresentant	Mari Rabben Lundby
Sekretær og rådgjevar	Gunhild Røyne

Arbeidsgruppa har hatt 8 arbeidsmøter

Forsking og anna faglitteratur er henta inn av arbeidsgruppa. Det har vore eit mål at forskingsrapportane skal speile breidda i forkinga som er gjort på feltet. Faglitteratur er nytta for å sikre at utgreiinga er godt fagleg forankra. Medlemmane i arbeidsgruppa har bidrege med innhenting og samandrag av litteraturen.

Statistikk og erfaringsbasert kunnskap frå leiing og fagforbund er brukt for å beskrive tilstanden innanfor nokre områder i skulen i Øystre Slidre. Det er også sett på kommunale planar for oppvekstområdet.

For å sikre medverknad er det gjennomført djubdeintervju, spørjeundersøkingar og innhenting av skriftlege innspel. Djubdeintervjua er planlagt og gjennomført av arbeidsgruppa. Vi har fordelt intervju mellom oss og ettersteva å vera minst to frå arbeidsgruppa i gjennomføringa. Vi har hatt same oppbygging av intervju.

Spørjeundersøkingane er gjennomført via Forms og spørsmåla er utarbeidd av arbeidsgruppa. For å kunne analysere store mengde svar er det valt å hovudsakeleg nytte svaralternativ. Tilsette har kunne svare på nokon spørsmål i tekstboksar, men også her har det vore flest spørsmål som er bygd på avkryssing av kategoriar.



1.4 Kort beskriving av dagens skular

Rogne skule (2010)



Skuleåret 2026-27 går det 111 elevar på skulen, 30 elevar på SFO. Det er totalt 22,42 årsverk fordelt på 30 tilsette. Rektor i 100%, inspektør i 37%, merkantile i 40%. Struktur på dagen: SFO 7.30-09.00 og 14.35-16.30. Skuledagen 09.00-14.35, torsdagar fram til 15.00. Skulen har to

gapahukar tilgjengeleg til uteskule. Har sløydsal. Gymsalen og uteområdet blir brukt av Rogne idrettslag på kveldane.

Lidar skule (2011)



Skuleåret 2026-27 går det 95 elevar på skulen, 34 elevar på SFO. Det er 25,2 årsverk fordelt på 32 tilsette. Rektor i 80%

(20% på skuleavdelinga på BHSS), inspektør 47%, merkantile 40%.

Struktur på dagen: Skuletida er 08.00-13.45. SFO 13.45-16.30

Skulen har gapahuk tilgjengeleg for uteskule. Har sløydsal.

Gymsalen blir brukt av Øystre Slidre idrettslag ein kveld i veka. Andre lag og foreiningar nyttar skulen på kveld og helg.

Øystre Slidre ungdomsskule (1974, nytt tilbygg i 2000, 2024-26 større oppgraderingar)



Skuleåret 2026-27 går det 99 elevar, og det er totalt 22,7 årsverk fordelt på 30 tilsette. Rektor i 100%, inspektør i 37%, merkantile i 40%.

Struktur på dagen: Skuletida er 08.40-14.15, torsdagar fram til 14.45.

Uteområdet blir oppgradert no. Har eige kunst og handverkavdeling, symjehall og naturfagsal. Auditoriet blir bruk til møteverksemd på kveldar og gymsalen blir brukt av idrettslaget, kulturskulen og treningstimar i privat regi. I bruk store delar av veka utanom skuletid.



KAPITTEL 2: BARNETS BESTE



2.1 Barns beste vurdering

FNs konvensjon om barns rettigheter slår fast at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle slutningar som vedkjem barn. For å vurdere dette, må barnets stemme koma tydeleg fram. Barnets syn kan uttrykkest direkte, ved at barnet sjølv formidlar eigne meningar, eller indirekte gjennom foreldre og fagpersonar som kjenner barnet godt. Val av metode må tilpassast barnets alder og moglegheit.

I opplæringslova (2023) er prinsippet om det beste for barnet og eleven løfta inn som eit generelt styringsprinsipp for all offentleg verksemd i opplæringssektoren. Dette samsvarar med utviklinga i barneretten, der FN's barnekonvensjon og særleg artikkel 3 og 12, der barns rett til å bli høyrte vektleggast, og deira beste skal vere eit grunnleggjande omsyn. Barnets beste er og tatt inn i Grunnlova (§104), som er overordna alle andre lover. Dette betyr at barnets beste gjeld på alle område, og inneber at alle som tek avgjerd på vegne av samfunnet har plikt til å vurdere kva som er til barnets beste.

Utdanningsdirektoratets rettleiar 'Veiledning til bruk av barnekonvensjonen i saksbehandlingen' understreker at all saksbehandling som vedkjem barn skal være effektiv, barnevennlig og lett tilgjengelig. Kommunen som ansvarlege for barnehagar og grunnskule, har ein rettsleg forplikting til så raskt som mogleg identifisere, vurdere og dokumentere korleis eit tiltak, som for eksempel endringar i barnehage- og skulestruktur, verkar på barna. Rettigheter som vert råka er vist i mellom anna opplæringslova og handlar om rett til tilpassa opplæring, fysisk og pedagogisk tilrettelegging, individuelt tilrettelagt opplæring, skuleskyss, særskilt språkopplæring, medverknad og eit trygt psykososialt skulemiljø.

Basert på norsk lovverk, eksisterande rettleiarar og lovlegheitskontrollar, ga Nordlandsforskning våren 2025 ut ein rettleiar for vurderingar av barnets beste ved skulestrukturendringar. Rettleiaren presenterer fem steg for barnerettighets vurderingar i saker som omhandlar strukturelle endringar:

1. Identifisere kva for barnegrupper som vert råka av vedtaket og kva for rettigheter som vert råka
2. Innhente kunnskap om korleis ulike grupper vert råka, inkludert forskingsdata og erfaringsbasert kunnskap.
3. Medverknad frå elevar gjennom elevråd, ungdomsråd, høyringar, spørjeundersøking eller andre metodar for elevmedverknad
4. Vurdere konsekvenser for barn og balansere ulike hensyn.
5. Dokumentere og grunngje vektinga av barnets beste/det beste for barnet opp mot andre relevante omsyn.

Utdanningsdirektoratet





KAPITTEL 3: KVALITET I SKULEN



Kapitelet utdjupar kva som ligg i omgrepa læringsmiljø og læring. Det gir også informasjon om kva nasjonale føringar som er med på å styre skulane, kva forskning seier om området og det gir ei oversikt over lokale planar. Kapitelet syner noko av rammane for drift og kva som er viktige områder for kvalitet.

3.0 Definisjon læring og læringsmiljø

Læringsmiljø: Kunnskapsdepartementet seier: «Med læringsmiljø menes de samlede kulturelle, relasjonelle og fysiske forhold på skolen som har betydning for elevenes læring, helse og trivsel.» Meld. St. 22 (2010 – 2011) - regjeringen.no

Læring: «Læring er definert som en relativt varig endring i opplevelse og atferd som følge av tidligere erfaring.» snl.no. Læreplanen sin overordna del seier mellom anna: «*Elevens identitet og selvilde, meninger og holdninger blir til i samspill med andre. Sosial læring skjer både i undervisningen og i alle andre aktiviteter i skolens regi. Faglig læring kan ikke isoleres fra sosial læring. I det daglige arbeidet spiller derfor elevenes faglige og sosiale læring og utvikling sammen.*» «*Faglig læring er en sentral del av både dannels- og utdanningsoppdraget til grunnopplæringen. Læreplanene for fag angir innholdet i de ulike fagene og bygger på følgende definisjon av kompetanse: Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskaper og ferdigheter til å mestre utfordringer og løse oppgaver i kjente og ukjente sammenhenger og situasjoner. Kompetanse innebærer forståelse og evne til refleksjon og kritisk tenkning.*»

3.1 Nasjonale føringar

Opplæringslov (2024)

- Skuleeigar får tydeleg ansvar for kvalitetsvurdering.
- Styrkar krav til pedagogisk leing og profesjonelle læringsfellesskap.
- Rett til spesialundervisning er delt i:
 - personleg assistanse
 - fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel
 - individuelt tilrettelagd opplæring
- Læreplanverket for Kunnskapsløftet er forskrift til opplæringslova og er juridisk bindande for skulen. Inndelt i Overordna del og læreplanar for fag.
- Rammeplan for SFO er forskrift til opplæringslova

Kompetanse og krav

- Krav om relevant fagkompetanse for lærarar er skjerpa (2017).
- LK20 krev av lærarar utviklar seg i profesjonsfellesskap.
- Det er eit kontinuerleg behov for vidareutdanning.

Tverrfagleg samarbeid

- Sterk satsing på «laget rundt barnet» (2022).
- Tenester må samarbeide tett og setje barnet sine behov fyrst.
- PPT har ei tydelegare rolle i utviklingsarbeid i skular og barnehagar (2024).
- Tidleg innsats og førebygging.
- Kompetanse nær eleven.

Utfordringar og utvikling

- Rekruttering av kvalifiserte lærarar.
- Behov for sterke fagmiljø og samarbeid i skulen.
- Framskrivingar viser færre elevar, dermed mogleg betre lærartettleik fram mot 2040.
- Varsla endringar for skulekvardagen til dei yngste elevane og ei meir praktisk skule for alle elevane.

Skulen har vore gjenstand for stor politisk interesse i Noreg dei siste 20 åra.

Dei nasjonale føringane for skulen peikar tydeleg i retning av auka kvalitet gjennom sterkare leiing, betre kompetanse og tettare samarbeid rundt elevane. Fagfornyinga og ny opplæringslov stiller krav til profesjonsfelleskap, systematisk kvalitetsutvikling og tilpassa opplæring, samstundes som ansvaret til skuleeigar er tydeleggjort. Vidare blir tidleg innsats, førebygging og tverrfagleg samarbeid løfta fram som sentrale verkemiddel for å sikre inkluderande læringsmiljø. Utviklinga viser utfordringar knytt til rekruttering og kompetanse i skulen, noko som understrekar behovet for robuste fagmiljø og gode strukturar. Dette inneber at ein må leggje til rette for skular som har tilstrekkeleg kapasitet, kompetanse og leiing til å møte desse krava, og som gir gode rammer for samarbeid, utvikling og eit heilskapleg og likeverdig tilbod til elevane.

Barnevernsreforma (2022) gjev kommunen auka ansvar på barnevernsområdet og skal styrkje det førebyggjande arbeidet og tidleg innsats. Frå 01.08.2022 vart i alt 14 lover som gjeld barn og unge endra, slik at kommunane fekk plikt til å sørgje for at dei ulike tenestene arbeider saman (barnevernslova, helse- og omsorgslova, sosialtenestelova og opplæringslova). Lovverket legg opp til at kommunen på overordna nivå må leggje til rette for samarbeid, og at dei enkelte tenestene må gjere det same. Godt tverrfagleg samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeider saman og ser tilbodet til barn og unge i samanheng. Barns behov må vere utgangspunktet for samarbeidet.

Ei sentral endring i opplæringslova er at ansvaret til skuleeigar for kvalitetsvurdering blir flytta inn i lova (§ 17-12). Det blir framheva at det er skuleeigaren som har ansvaret, men at vurderinga skal skje på den enkelte skule. Kravet til pedagogisk leiing og til å utvikle profesjonelle læringsfelleskap i alle skular er dermed ei sterk føring. Kravet om at tilsette som

skal undervise må ha relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i, er forsterka.

Rapporten «*En skole for vår tid*» (2021) gjev ein grundig gjennomgang av korleis skuleeigarar og skular betre kan drive systematisk utviklingsarbeid for å heve kvaliteten på opplæringa. Rapporten peikar også på kva som skal til for at skular med lågt skulebidrag kan løfte kvaliteten over tid. Ein skulebidragsindikator er eit mål som viser kor mykje skulane bidreg til elevane si læring, uavhengig av bakgrunnen deira.

Ein fellesnemnar for tilrådingane er medverknad på alle nivå frå skuleeigar til elev, og profesjonsutvikling tett på klasserommet og praksisfeltet. Ei slik utvikling krev ein tydeleg og dedikert skuleeigar, god leiarkapasitet på den enkelte skule, og breidde og kapasitet i fagmiljøa.

«*Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis*» er ei nasjonal satsing som skal bidra til at det er tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane. Det gjeld kompetanse til å førebyggje utanforskap, fange opp utfordringar og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert dei som har behov for særskild tilrettelegging. Ei viktig føring i kompetanseløftet er at kompetansen skal nærare barnet. I kommunen betyr dette at mellom anna pedagogisk- psykologisk teneste får ei ny rolle der det systemretta arbeidet i skular og barnehagar skal styrkjast.

Ifølgje Statsforvaltaren er eitt av måla med barnevernsreforma at kommunane skal styrkje arbeidet med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren. Tidleg innsats, med tiltak som er godt tilpassa behova til barna og familiane, er ei investering i velferda til innbyggjarane, men kan også spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare.

St. Meld. 6 (2019-2020) «*Tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO*» legg fram ei rekke tiltak for å forbetre utdanningssystemet og sikre eit godt tilpassa pedagogisk tilbod for alle barn og elevar. Denne stortingsmeldinga saman med lovendringane gjer kommunane desse nasjonale føringane:

- Forpliktande samhandling
- Tidleg innsats og førebygging
- Kompetanse nærare eleven
- Barnet si stemme og brukarmedverknad

For skuleeigaren er dette føringar og forventningar som krev ei målretta satsing der leiarar og tilsette i skulen må nytte kvarandre sin kompetanse. Samhandlinga med støttettenestene må i større grad gå føre seg i skulen, og arbeidet må leiast av leiarar med kompetanse og ressursar til å leie komplekse utviklingsprosessar.

NOU 2022: 13 «*Med videre betydning – Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole*» seier at over 50 000 lærarar i grunnsopplæringa i perioden 2015–2022 har fått tilbod om vidareutdanning. Samstundes har delen grunnskulelærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava gått ned. Likevel er det over 19 000 lærarar i grunnskulen som ikkje oppfyller krava i fag som matematikk, engelsk, norsk, norsk teiknspråk og samisk, og som treng vidareutdanning.

«*Strategi for rekruttering til lærerutdanningene og læreryrket 2024–2030*» (Kunnskapsdepartementet, 2024) seier at rekruttering til oppvekstsektoren er ei nasjonal utfordring. Eit viktig tiltak er å byggje sterke fagmiljø for

pedagogar, der ein kan samarbeide, drøfte faglege spørsmål, og utvikle praksis saman.

Opplæringslova med forskrift inneheld to typar kompetansekrav for dei som skal undervise i skulen:

- 1) Kompetansekrav for å kunne bli tilsett i undervisningsstilling.
- 2) Krav om at lærarane må ha relevant kompetanse i faga dei skal undervise i.

For å undervise i faga norsk, engelsk, matematikk, norsk teiknspråk eller samisk på barnetrinnet er det krav om at vedkomande har minst 30 studiepoeng som er relevant for faget. Ikkje krav i andre fag.

For å undervise i faga norsk, engelsk, matematikk, norsk teiknspråk eller samisk på ungdomstrinnet er det krav om at vedkomande har minst 60 studiepoeng som er relevant for faget. For å undervise i andre fag på ungdomstrinnet er det krav om at vedkomande har minst 30 studiepoeng som er relevante for faget. Dette gjelder ikkje for valfaga, utdanningsval og arbeidslivsfag.

3.2 Lokale planer

Kommuneplanen sin samfunnsdel

- Barn og ungdom skal ha stimulerande og trygge oppvekstvilkår og gode utviklingsmoglegheiter som grunnlag for ei god helse.
- Me skal ha skular som arbeider for at barn og unge blir best mogleg førebudd til å meistre sine eigne liv og vere godt førebudd på arbeids- og samfunnsliv.

Kommunen sin oppvekstplan

Måla i oppvekstplanen seier at:

- barn og unge skal vekse opp i eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø
 - barn og unge skal oppleve stoltheit og tilhøyrse til kommunen
 - barn og unge skal oppleve å ha verdi og framtidstru
 - barn og unge skal møte tenester som samarbeider for barnet sitt beste
- For å lykkast skal vi vera særskild merksame og sette inn tiltak for sårbare grupper og i overgangar. Overgangar er mellomanna frå barnehage til barneskule, frå barneskule til ungdomsskule, ved endringar i familiesituasjonar og for nytilflytta barn og unge.

Rettleiar for mottak og særskild språkopplæring for barn og unge

- Anbefalinga er at ei mottaksklasse midt i kommunen vil vere det beste opplæringstilbodet.
- Ein halv dag i mottaksklasse fyrst på dagen, og ein halv dag i eige klasse på nærskulen sist på dagen, er best eigna.
- Ved å opprette mottaksklasse vil elevane få fleire timar med faste lærarar som kjenner dei.
- Det blir meir lik og systematisk fagleg opplæring.
- Dei får ro til å lære språket.

Kompetanseplan

Skulane har i eit normalt år behov for:

Fag	Barneskulane	Ungdomsskulen
Norsk	14 lærarar	6
Matematikk	14 lærarar	6
Engelsk	10 lærarar	6
Samfunnsfag		2
Mat og helse		1
Kroppsøving		3
KRLE		2

Plan for førebygging og oppfølging av alvorleg skulefråvær

Planen gir tydelege rammer og rutinar for når og korleis ein skal gripe inn ved gjentakande fråvær. Lærarane og leiinga på den enkelte skule er ansvarlege for å følgje opp planen.

Plan for rettleiing av nyutdanna lærarar

Nyutdanna lærarar skal ha rettleiing dei to fyrste åra dei er i jobb i skulen.

«Rettleiinga skal vera systematisk, og den føregår på den enkelte skule i kommunen. Det skal så langt som råd, vera lærar med rettleiingskompetanse og erfaring som gjennomføre rettleiinga. Dersom skulen ikkje har rettleiingskompetanse, skal rettleiaren ha minimum tre års erfaring som lærar.» 1. års tilsett har individuell- og grupperettleiing. 2. års tilsett har grupperettleiing, når vi har nok tilsette som skal ha rettleiing.

Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø

«Retten til eit trygt og godt skulemiljø etter §12 gjeld for alle elevar. Det gjeld i timar og friminutt på skulen, på skulevegen, skulebussen og i leksehjelp som er i skulens regi og i skulefritidsordninga (SFO). Reglane gjeld og når skulen, leksehjelpa eller SFO har aktivitetar utanfor skulens bygningar/område, eller er i lokale utanfor skulens område.»

Planen gir felles innsikt i korleis vi kan arbeide med å fremme eit trygt og godt skulemiljø, og førebygge mobbing og andre krenkingar. Planen beskriv korleis skulen førebygger og handterer mobbing og andre krenkingar.

Overgangsplan barnehage- skule

Formålet med planen er å skape eit heilskapleg og inkluderande samarbeid mellom barnehage, skulen og heimen, der målet er ein trygg og god skulestart for elevane og heimane i Øystre Slidre kommune.

Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar

Planen inneheld fleire tiltak som skulane skal følgje opp i tillegg til tiltak som samarbeidande tenester skal følgje opp på skulane. Planen er forankra i Barnevernlova § 15-1, og vedteke av kommunestyret.

3.3 Forsking og aktuell faglitteratur

Kapittelet viser til kva for forskingsbasert kunnskap vi har om endringar i skulestruktur. Kva for forskning som er relevant å sjå på, er avgrensa ut frå oppdraget rapporten skal svare ut. Avgrensingane er ikkje nødvendigvis så enkle å gjere, fordi kvalitet i skulen heng saman med kvaliteten på dei pedagogiske prosessane som skjer der. Slik sett kan forskning på klasseleiing, didaktikk eller skulemiljø vere relevant som bakgrunnsinformasjon for å forstå vidare drøftingar i rapporten. Men å gå inn i denne forskinga vil føre alt for langt i denne rapporten. Kapittelet ser derfor på fire hovudspørsmål:

- Kva meiner ein med ein liten skule?
- Kva samanhengar finst mellom skulestorleik og elevar sin læring og trivsel?
- Kva utfordringar kjenneteiknar skular i rurale strøk?
- Kva kjenneteiknar skular der samanslåingar og strukturendringar har vorte gjennomført?

Vi har lagt vekt på å finne norsk forskning, og forskning av nyare dato, og vil det følgjande nytte tre hovudkjelder. Kvart forskingsbidrag belyser hovudsakleg eit av spørsmåla over. Den første rapporten, «Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring» (Nordahl, 2022) er ei kunnskapsoversikt over nasjonal og internasjonal forskning. Vidare har vi henta fram ein gjennomgang av utfordringar og moglegheiter for rurale skular frå Hilde Forfang si doktoravhandling «Organisatoriske kjennetegn ved kommuner i rurale regioner med gode skolerresultater over tid» (Forfang, 2022). Den siste hovudkjelda vi har nytta er ein ny rapport om nedlegging av skular frå forskingsmiljø knytt til Nordlandsforskning og Telemarksforskning, som er utført på vegner av Fellesskoleutvalget (Storm et al., 2026). Der SePU sin rapport samlar kvantitative data og gir eit oversiktsbilete, gir Storm et al. eit meir kvalitativt forskingsbilete frå kommunar som har stått i samanslåings- og

strukturendringsprosessar dei siste tiåra. Alle desse kjeldene baserer seg på tidlegare forskning, som det vil gå for langt å referere til her. Kapitelet fokuserer også hovudsakleg på funn frå forskinga som er relevant for å belyse samanhengen mellom kvalitet og struktur, ikkje strukturendringar i seg sjølv. Det må ein eventuelt vidare prosess gjere.

Kva er ein liten skule?

Når ein skal gå gjennom forskning på samanheng mellom skulestorleik og resultat, er det viktig å vere klar over kva ein meiner med omgrepa små, middels og store skular i ulike samanhengar. I 2022 hadde 27,7% av barneskulane i Noreg færre enn 100 elevar og 40,5% av skulane hadde mellom 100 og 300 elevar. 31,8% av barneskulane hadde meir enn 300 elevar. I internasjonal samanheng blir barneskular med under 300 elevar rekna som små. Gjennomsnittstorleiken på skular i internasjonal forskning er 500-600 elevar, og dette blir rekna som middels stor skule. Dette viser at ein stor skule i norsk samanheng blir rekna som ein liten skule utanfor Noreg (Nordahl, 2022). 22 prosent av norske kommunar hadde berre ein skule i 2024, og i dei minst sentrale kommunane i landet var det om lag halvparten av kommunane som hadde éin skule (Storm et al. 2026).

Eit anna omgrep som er nytta i skuleforskning er omgrepet «rural skule». Omgrepet «rural» er ikkje eintydig, og nokon gonger nyttar ein i staden omgrepa «liten» skule. Men rurale skular er skular som ligg i kommunar med spreidd busetjing, tettstader og bygdesamfunn med inntil 3000 innbyggjarar. Forskinga opererer med ulike grenser for kva som kan reknast som ein rural barneskule, med ei øvre elevgrense som varierer frå 70 elevar til 100 elevar (Forfang, 2022). Skulane vi har i Øystre Slidre i dag ligg dermed i grenseland for kva ein reknar som rurale skular, men det er grunn til å sjå nærare på kva forskinga på rurale skular har å seie om desse skulane sine særskilte utfordringar.

Samanhengen mellom skulestorleik og trivsel og læring

Rapporten «*Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring*» er utført av SePU, under leiing av professor ved INN, Thomas Nordahl. Rapporten vart bestilt frå Hamar kommune i samband med ei utgreiing av skulestrukturen i kommunen og er ei kunnskapsoppsummering av kva for samanhengar ein kan sjå mellom storleik på skular og resultatkvallitet når det gjeld både læring og trivsel for elevane. Rapporten oppsummerer både internasjonal og nasjonal forskning og ser på betydning av skulestorleik, ikkje på skulesamanslåing i seg sjølv. Hovudkonklusjonen i rapporten er at det er liten samanheng mellom skulestorleik og trivselen og læringa til elevane, og at dei skilnadane som finst, i liten grad kan forklarast ut frå storleik på skular åleine.

Rapporten seier at når det gjeld fagleg læringsutbytte er det ein svak positiv samanheng mellom skulestorleik og læringsutbytte fram til ein skulestorleik på 500-700 elevar, men at ein større skule enn dette kan gi svak negativ effekt. Samtidig er dette berre marginale effektar. Når det gjeld trivsel og mobbing viser gjennomgangen av forskinga tilnærma ingen betydning, sjølv ein kan sjå ein svak tendens til at elevar i 1.-4. trinn trivst litt dårlegare på skular med mindre enn 150 elevar. I rapporten blir det også vist til dansk forskning som viser at det ikkje er resultatmessig forskjell på om skulane er organisert som separate barne- og ungdomsskular eller som ein felles skule for alle elevar frå 1.-10. trinn (Nordahl, 2022).

Mot slutten av rapporten gjer likevel forskarane refleksjonar over kva ein elles veit om utvikling av kvalitet i skulen og kva som kan forklare den forsiktige tendensen til at skular opp mot 500-700 elevar har betre resultat. Her trekk ein fram betydninga av skuleleiing, profesjonsfellesskap og ei heterogent samansett elevgruppe. Når det gjeld skuleleiinga og profesjonsfellesskap mellom lærarane, blir det peikt på at ein skule med ein viss storleik legg betre til rette for å ha ei leiing som består av fleire personar. Dette gir betre rom for å utvikle ein profesjonell fellesskap for leiarane, betre oppgåvedifferensiering, støtte og leiarrefleksjon. Vidare

hevdar dei at for å få på plass nok formell kompetanse i fag, og for å etablere lærarteam, vil det vere gunstig at undervisningspersonalet har ein viss storleik. Når det gjeld heterogenitet i elevgruppa blir dette framheva som ein fordel både for å kunne gi elevane betre sjansar for å finne seg vener og dermed utvikle seg sosialt, men også for at læraren kan skape meir variert undervisning dersom elevgruppa er meir samansett. I denne delen av rapporten skriv forskarane at desse effektane kan ventast å gå tapt om skulen blir større enn 800-1000 elevar (Nordahl, 2022).

Forskning på skular i rurale kontekstar

Hilde Forfang si doktoravhandling «Organisatoriske kjennetegn ved kommuner i rurale regioner med skolerestater over tid» (Forfang, 2022) er interessant både fordi ein her samanfatar kva utfordringar rurale skolar står overfor, men også fordi ein peikar på korleis kommunar som har lykkast, har organisert seg. Når det gjeld særskilte utfordringar baserer Forfang seg på eksisterande forskning. Forfang trekk fram følgjande

- Utfordringar både med å rekruttere lærarar og med å sikre kvalifiserte lærarar i alle fag.
- Skuleleiarane som har eit breitt spekter av oppgåver og som må ta avgjerder åleine.
- Avgrensa kapasitet og ressursar på skuleeigarnivå til å følgje opp arbeidet til skuleleiarane og at skuleleiarar i mindre kommunar i mindre grad opplever skuleeigarnivået som støttande og utviklingsorientert fordi det er få fagpersonar på skuleeigarnivået til å drive systematisk kvalitetsutvikling og resultatoppfølging.
- Avgrensa tilgang til profesjonell læring
- Mange av aktørane i rurale skular er utsette for fagleg isolasjon

Når gjeld kva som kjenneteiknar dei rurale kommunane som har lykkast med å prestere godt over tid, og som Forfang har undersøkt i si avhandling, så viser det seg at dei har nokre distinkte kjenneteikn. Dei tre kommunane har søkt saman og utvikla seg i interkommunale nettverk som har vektlagt

profesjonell utvikling, både på skuleeigarnivå, rektornivå og for lærarar knytt til utvalde skulefag. Skuleeigarnivået i kommunane har inngått i eit gjensidig og forpliktande interkommunalt samarbeid over tiår, og på denne måten møtt nokre av dei utfordringane som den rurale konteksten trekk med seg. Det har i tillegg vore systematisk arbeid med eksterne samarbeidspartnarar frå UH-sektoren i fleire år. Det siste funnet i avhandlinga er at ein leiarpraksis som er kjenneteikna av å vere tett på dei tilsette med observasjon og rettleiing, følgje opp dokumentasjonsarbeid og legge til rette for tilsette si samarbeidslæring, har vore medverkande til gode resultat.

Kommunane som Forfang har studert, har ikkje valt strategiar som er direkte relevante for å vurdere skulestrukturen i Øystre Slidre. Avhandlinga seier likevel noko om korleis kommunane har møtt dei utfordringane som ligg i det å vere ein rural skule med utstrakt samarbeid, og det å søke saman mot større faglege fellesskap, i tillegg til leiarpraksisar som er tett på og følgjer opp det pedagogiske personalet. I vurderinga av skulestruktur i Øystre Slidre bør ein vurdere korleis ein skal møte dei utfordringane for rurale skolar som ein kjenner til frå forskinga.

Forsking på skulenedleggingar

Rapporten *Skulenedleggelser: Om prosesser, konsekvenser og lokale slagmarker* (Storm m.fl., 2026) er skriva av forskarar knytt til Telemarksforskning og Nordlandsforskning. Oppdraget er gitt frå Fellesskoleutvalget, eit regjeringsoppnemnt utval som skal greie ut fellesskulen si rolle i framtida. Forfatarane har sett på nasjonale utviklingstrekk og kjenneteikn ved kommunar som har gjennomført skulestrukturendringar. Ein har vidare gjennomført casestudier av ni kommunar som både har valt å gjennomføre og ikkje gjennomføre endringar i skulestrukturen.

Forskarane peiker på korleis argumentasjon i skulenedleggingssaker ofte følgjer to hovudspor som har ulike oppfatningar av kva som er eit legitimt

kunnskapsgrunnlag, og kva for omsyn som skal vektleggast. Argument for skulenedleggingar knyttar seg ofte til økonomi og avgrensa moglegheiter til å investere i kvalitet og vedlikehald av bygg. Vidare er ein oppteken av utvikling av fagmiljø og kvalitet gjennom rekruttering av kvalifiserte lærarar, moglegheit for kollegialt samarbeid og tilgang til spesialiserte tilbod. Ein argumenterer også for at det er viktig for elevane å ha tilgang på eit større sosialt miljø, med fleire å spele på. Argumenta for nedlegging blir i hovudsak fremja av administrasjon og politikarar.

Dei viktigaste motargumenta blir gjerne framført av foreldre, lærarar og representantar for lokalsamfunna, kanskje også opposisjonspolitikarar. Argumenta er gjerne forankra i kvardagslivet til elevane og lokalsamfunnet sine funksjonar. Ein er oppteken av trivsel, tryggleik og relasjonar for ungane, og ein viser ofte stor tru på at små skular er oversiktleg og har tett vaksenoppfølging. Ein bekymrar seg for anonymitet, utanforskap, lengre reiseveg og kvardagslogistikk. Ein er oppteken av skulen som møteplass og identitetsbærer i lokalsamfunnet.

Rapporten belyser to hovudområde og fire overordna problemstillingar. Dei to hovudområda er:

- prosessane som leier fram mot vedtak for eller mot skulenedleggingar
- innsikt i tilsikta og utilsikta konsekvensar av skulenedleggingar.

I denne rapporten blir det hovudsakleg gjort greie for funn knytt til problemstillinga «Hvilke konsekvenser har skulenedleggeser for elevane, inkludert kvaliteten på opplæringa og elevens trivsel og læring?».

Konsekvensar for elevar ved skulestrukturendringar

Sosialt kan overgangen frå mindre skular til større skular gi negativ utvikling i tida rundt strukturendringa. Overgangsfasen er ein sårbar periode med uro og skilje mellom tidlegare grupper. Men dette stabiliserer seg etter ei tid. Rapporten peikar vidare på at større skular gir tilgang til fleire og meir

varierte sosiale miljø enn tidlegare, og at det er enklare for fleire å finne nokon dei passar i lag med. På den andre sida peiker elevar frå små grendeskular på tap av nærleik, oversikt, fellesskap og lokale tradisjonar. Mange sosiale tradisjonar, markeringar eller arrangement går tapt utan å bli erstatta med nye, og at ved store skular kan det t.d. vere vanskeleg å gjennomføre fellessamlingar for heile skulen fordi elevtalet blir for høgt.

Når det gjeld mobbetal er det ikkje funne tydelege tendensar, men at overgangsperioden der ein slår saman, i nokre tilfelle har gitt ei midlertidig auke i mobbetal. Datagrunnlaget som heilskap gir ikkje haldepunkt for å seie at mobbing aukar eller minskar ut frå strukturendringar.

Rapporten vurderer også helsemessige konsekvensar for elevar med særleg fokus på reiseveg. Her syner det samla materialet at lengre reiseveg kan vere ein betydeleg belastning for nokon elevar, men at erfaringane er ulike hos elevane. Det er også døme på at lengre avstand ikkje nødvendigvis betyr meir tid på buss fordi ein lukkast med å tilpasse rutene. Det blir også framheva at ved ein del skular har samarbeidet med skulehelsetenesta vorte betre fordi helsesjukepleiar i større grad er tilgjengeleg for elevane.

Når det gjeld faglege konsekvensar for elevane er det ikkje teikn til svakare faglege resultat etter strukturendringar, men eit endra fokus i den faglege kvardagen. Elevane får eit breiare fagleg tilbod, tilsette som har formell kompetanse i faga dei underviser i, samt betre tilgang på spesialrom og utstyr. Undervisninga ved dei samanslåtte, større skulane blir beskrive som meir strukturert og formell, noko som blir opplevd både positivt og negativt. Samstundes opplever elevar frå mindre skular at dei får noko mindre tett oppfølging enn dei hadde vore vane med.

I arbeidet med rapporten fann forskarane tydelege funn knytt til lærarane si oppleving av profesjonsfellesskapen sjølv om dette var noko dei eigentleg ikkje hadde som formål å undersøke. Mange av lærarane framheva at ei samanslåing gav rom for å bygge eit nytt læringsmiljø, særleg der

eksisterande skular vart slått saman. Ein opplevde eit nytt rom for fagleg nytinking og kollektiv refleksjon over praksis. Mange lærarar som kom frå mindre til større skular framheva verdien av større fagmiljø, og ei oppleving av å gå frå å vere privatpraktiserande lærar til eit meir kollektivt orientert fagmiljø noko som gav betre undervisning for elevane si læring og trivsel. Mange av lærarane som vart intervjuet meinte at eit større fagmiljø gav betre grunnlag for tilpassa opplæring, i tillegg til profesjonelt samarbeid. Det kan vere verdt å merke seg at dette også vart framheva av lærarar som i utgangspunktet hadde vore motstandarar av samanslåingane.

Oppsummering

Samla sett viser dette kapitelet at

- Om Øystre Slidre har 1, 2 eller 3 skular vil ikkje skulane uansett ikkje kunne karakteriserast som store.
- Kunnskapsoversikter viser at det er ikkje forskingsmessig belegg for å seie at ein særskilt skulestorleik vil gi betre eller dårlegare kvalitet i skulen.
- Skular i rurale strøk, slik som Øystre Slidre, har ein del spesifikke utfordringar knytt til leiing, administrativ støtte og tilgang på lærarar med formell kompetanse i fag. For å lykkast må skuleeigar kompensere for dette gjennom medvitne strategiar.
- Større skular gir meir rom for å etablere profesjonelle fellesskap, særleg for lærarar, men og for leiingar.
- Sosialt ser ikkje ulike skulestrukturarar til å ha særlege konsekvensar for elevane, med sjølv overgangsperioden kan vere utfordrande. Det kan vere gunstig for elevane å kome til større og meir mangfaldige elevgrupper.




KAPITTEL 4: STATISTIKK OG ERFARINGSBASERT KUNNSKAP




For å få eit faktabasert kunnskapsgrunnlag har arbeidsgruppa innhenta statistikk frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI), Statistisk sentralbyrå, Utdanningsdirektoratet, samt kommunen sitt system for personaldata. I tillegg er det eit underkapittel med kommunalsjefen sine erfaringar.

4.1 Elevtal



Kjelde: GSI



Ny prognose 2026

Kjelde: [14288: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter kjønn og alder, i 9 alternativer \(K\) 2024-2050](#)

Elevtalet i skulen varierer på enkeltår, men har i perioden frå 2000 til 2026 vorte redusert med 90 elevar, totalt sett. Det er ein markant endring som påverkar skulane frå å ha elevtal opp mot 150, til i dag å vera litt over eller under 100 elevar. Framskrivinga til SSB, middels vekst, syner ein liten variasjon dei neste 25 åra med maksimalt 318 elevar til dagens nivå, 309 elevar. Denne variasjonen er så liten at den ikkje vil vera avgjerande for skulestrukturen.

Per i dag er det fleire familiar som bur sør i kommunen enn nord i kommunen.


4.2 Individuell tilrettelagt opplæring

Dei siste 10 åra har tal elevar som mottek individuell tilrettelagt opplæring variert mellom 13 elevar og 37 elevar. Vi er no på same nivå som i 2016 med 28 elevar. Undervisning i ITO tek no 26,1% av den totale tilgjengelege undervisningsressursen, mot 17,3% i 2016. Det vil seie at behovet er større pr elev i snitt.

4.3 Særskild språkopplæring

Dei siste ti åra har elevtalet med vedtak om særskild språkopplæring variert frå 6 elevar til 22 elevar i Øystre Slidre kommune. Dei siste åra med høg busetting, har det vore mellom 19-22 elevar. År utan busetting var talet på 6-7 elevar. Medianen er 12.

4.4 Bemanning



Tabellen syner at det har vore ei auke i bemanninga i grunnskulen i Øystre Slidre frå 2021. Den største auken har vore på fagarbeidarar/miljøarbeidarar.

Vi har ikkje klart å oppfylle lovkravet innanfor kompetanse for lærarar i skulane, dette gjeld både kravet om tilsetting og om undervisningskompetanse i fag. Det er ei auke i midlertidige tilsettingar på grunn av dette frå skuleåret 21/22. Den siste tida ser dette ut til å betre seg når det gjeld krav for tilsetting, men enno sårbart innanfor fleire fag. Den tidlegare allmennlæraren er no erstatta med grunnskulelærarar 1-7 eller 5-10. Fleire av tilsette har også kvalifisert seg med PPU og utdanning innanfor enkelte fag. Det vil seie at lærarane som blir utdanna i dag har færre undervisningsfag enn tidlegare.

4.5 Skulefritidsordning

Bruk av SFO dei siste 10 åra:

SFO	Lidar	Rogne	Totalt
2016/2017	17	22	39
2017/2018	14	30	44
2018/2019	19	23	42
2019/2020	17	27	44
2020/2021	14	19	33
2021/2022	13	15	28
2022/2023	24	17	41
2023/2024	29	23	52
2024/2025	27	30	57
2025/2026	34	30	64

Frå 2022 vart det gradvis innført 12 timar gratis SFO for 1.-3.kl. Truleg er det noko av grunnen til auka i tal elevar på SFO frå og med 2022. Frå 2026 er dette lovfesta og vi forventar fortsatt høgare dekning av barn på SFO enn tidlegare. Barn med særskilde behov kan søkje SFO til og med 7. klasse.

I dag nyttar barneskulane kantina til SFO og rektor er leiar for SFO på skulen. Elles består bemanninga av fagarbeidarar og miljørettleiarar. Rammeplanen for SFO sier: «SFO skal bidra til trivsel og glede i selvvilgt lek og tilrettelagte aktiviteter, og gi rom for rekreasjon og hvile.»

4.6 Elevundersøkinga

Elevundersøkinga blir gjennomført på hausten kvart år for elevane i 5.-10. trinn. Undersøkinga vise eit augneblinksbilete, men samanliknar vi resultat over år, vil det gje oss informasjon som kan nyttast på systemnivå.

5.-7. trinn har i 2025 ei skåre på 4,0 eller høgare når det gjeld trivsel, støtte frå lærar, læringskultur og faglege utfordringar. Det må reknast som bra.

Skulane ligg rett under 4,0 når det gjeld vurdering for læring, noko som òg må reknast som godkjent.

For 8.-10. trinn er det ein generell nedgang til skåre 3,5–3,9 når det gjeld støtte frå lærar, vurdering for læring og læringskultur. Når det gjeld trivsel, fagleg utfordring og utdannings- og yrkesrettleiing, med skårar over 4,0.

I tilstandsrapporten for grunnskulen 2025 står det: «Mobbetala i skulen i Øystre Slidre er fortsatt alt for høge med 25,8% på 7. trinn, og 29,6% på 10. trinn. Vi har ikkje nådd målet med at alle skal eit trygt og godt skulemiljø. Vi ligg høgt over snittet nasjonalt som er 11,2 på 7. trinn og 9,7 på 10. trinn, men enkelte trinn frå 5.-10. trinn er på eller under nasjonalt nivå.» Dette er ein situasjon som har vore i fleire år i kommunen.

4.7 Faglege resultat

Vi kan ikkje seie at det er skilnad på barneskulane på dei faglege resultata over tid. Elevkulla i kommunen er små, og det er naturleg med store avvik både over og under nasjonalt snitt på enkeltkull. Ut i frå offentlege tal på nasjonale prøver kan vi sjå at vi har fleire år med snitt under nasjonalt uavhengig av trinn og fag. Når vi ser på nivåfordelinga kan vi sjå at dette skuldast at vi har fleire elevar på lågare nivå enn nasjonalt.

Vi har, som nasjonalt, størst del av elevane på midtre nivå.

Skulebidragsindikatoren syner at det er forventat at vi i grunnskulen skal kunne gjere meir for dei faglege resultata til elevane, dersom vi samanliknar oss med landet, men også andre kommuner i Valdres.

Vi ligg lågare enn fylket og nasjonalt på grunnskulepoeng, og det har vi gjort over år. Vi ligg også lågt i Valdres, med enkeltår som skil seg positivt ut. Kommunen har ein høgare del av vidaregåandeelevane som fullfører enn fylket og nasjonalt. I 2026 var det 84% som fullførte.

4.8 Skuleskyss

Ca 75% av elevane i Øystre Slidre tek skulebuss i dag. Vi kan forvente om lag same behov ved å samle skulane.

Fylkeskommunen melder at lengst reisetid til skulen dersom skulen ligg ein stad midt i bygda vil vera omlag 35 minutt.

4.9 Turnover og sjukefråvær

Oversikt over turnover i grunnskulen (personar i %):

	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Grunnskulen	14,1 %	9,7 %	14,5 %	18,2 %	19,2 %	5,3 %

Oversikt sjukefråvær i grunnskulen:

2026	8,83% (jan-juli)
2025	9,28%
2024	12,03%

Det er hovudsakeleg langtidsfråvær og 100% sjukmelding har ei overvekt.

Dei siste ti åra har ungdomsskulen har hatt stabil leiing. Lidar har hatt tre rektorar fordelt på fire perioder. Rogne skule har hatt fem rektorar.

4.10 Kommunalstjefen sine erfaringar

Leiging: Etter sist skulestrukturendring i kommunen har det vore hyppige endringar i leiargruppa. Både på grunn av generasjonsskifte og turnover. Erfaringa tilseier at det er krevjande å rekruttere inn og ha stabilitet i rektorstillingar. Det har vore nyttig å få inn inspektørar i delte stillingar. Dei gjer til at leiinga er noko meir robust og fordeler nokon av oppgåvene som rektorane hadde tidlegare. Likevel er inspektørane bunde op med undervisning i ein del av stillinga si, og derfor bunde opp ein del av tida. Dette gjer samhandlinga og bruk av ressursen mindre fleksibel. Samstundes er det ei endring i ansvaret til leiinga på skulane. Meir av tida deira går til internkontroll, tilsyn og rekruttering gjennom skuleåret. Rektorane er tett på større komplekse saker og koordinerer mykje samhandling mellom tenester og dialog med heimar. På grunn av fråvær går ein større del av tida til leiinga til å dekke inn bemanning.

Vi har i dag ei leiing som kjenner tilsette, elevar og foreldre godt. Leiinga er tett på og deltek i skulekvardagen, samstundes går ein del tid til møter internt i kommunen og regionalt.

Klassestørleik: Ut i frå dagens elevtal varierer klassestørleiken på barneskulane frå 10 elevar til 21 elevar. Vi har hatt kull på 24. Det er sjeldan vi har store kull på både Lidar og Rogne skule. Størrelsen på kulla fortel lite om bemanningsbehovet på trinnet. Små kull kan ha like store variasjonar

som større kull. Vi ser heller ikkje at små kull har mindre uønskt åtferd enn større kull.

Stabilitet: Sjukefråværet i grunnskulen har vore høgt over tid, samanlikna med landet som ligg på rundt 7% sjukefråvær. Dette gir ustabilitet i undervisning, anna oppfølging og i profesjonsfellesskapet. Det er å forvente at denne ustabiliteten også gir dårlegare kvalitet både med utslag på læringsmiljø og læring for elevane. Ved fråvær får vi ikkje nytta kompetansa godt nok. I tillegg til sjukefråvær er det anna fråvær i skulen som mellom anna fråvær i samband med utdanning og anna kompetanseheving, møter og andre private årsaker til permisjon. I kartlegging av dagens situasjon melder plangruppene inn at fråvær i personalet kan gå ut over gjennomføring og kvaliteten på ITO. Det er ei belastning for personalet å ikkje vite kven som er på jobb om dagen og det går ut over planlegging, gjennomføring og kvaliteten på undervisninga.

Ressursfordeling: I dag nyttar vi i omlag ¼ av lærartimane til individuell tilrettelagt opplæring. Vi har elevar som har eit stort behov for tilrettelegging, og fleire vil ha det behovet gjennom heile skuleløpet. Det vil seie at dette er ressursar vi ikkje vil kunne omdisponere. Likevel er det ein større kapasitet i å kunne nyte kompetanse meir fritt til elevgruppa og som førebygging i staden for at ressursane blir knytt til enkeltelevar. Dette er eit arbeid skulen samarbeider med PPT om no.

Erfaringane med felles organisering for elevar med behov for særskilt språkopplæring viste at dei måtte bruke mykje tid på å reise mellom skulane, og mista dermed både andre fag og tilhøyrsla til eige klasse. Kommunen har derfor ikkje lykkast i å legge til rette undervisninga etter anbefalte råd i kommunen sin plan for særskild språkopplæring.

Lidar skule har erfaring med at det er noko krevjande å rekruttere inn nytt personell fordi skulen startar kl 8.00. Samtidig får Lidar rekruttert inn nokon nye som flytar midlertidig til kommunen og jobbar i skulen i nokon år.

Kompetanse: Det er betre dekning av fagkompetanse no det siste året enn det har vore dei føregåande åra, men det er enno sårbart og vi har avvik, også innanfor basisfaga. Dersom ein tilsett sluttar på ein av skulane kan det få store utslag for kvalifisert personell innanfor fag. Tilsette tek vidareutdanning for å bygg på med fag. Nokon få tilsette jobbar på fleire skular for å kunne få nytta fagkompetansen sin. Tilgjengelegheit på deira fagressurs legg føringar for ein del timeplanar som ikkje alltid er til elevane sitt beste. Det er ikkje ynkeleg å fordele tilsette på fleire arbeidsplassar, korkje for den tilsette eller for elevane. Vi har brei tverrfagleg kompetanse totalt sett i skulane i Øystre Slidre, men det varierer mellom skulane.

Dagens organisering gir oss ei god oversikt over behov og vi gjer tiltak på dei tre skulane for å sikre god handheving av lovverk og støtte. Som eksempel har vi HMS-grupper, ressurspersonar i vergeteknikk, ikt-ansvarleg, verneombod, tillitsvalde, ulike ressurspersonar innanfor fagområde på kvar enkelt skule.

Profesjonsfellesskapet: Barneskulane startar og sluttar til ulike tider, derfor er dei tilsette sine arbeidstider ulike. Dette gjer mellom anna til at det ikkje er omfattande samarbeid mellom barneskulane. Innad på skulane er det faste strukturar for samhandling og for utviklingsarbeid i personalet. Den største risikoen for effekt av arbeidet i profesjonsfellesskapet er fråvær i personalet. Da kan faggruppene bli små og det kan vera vanskeleg å sikre god framdrift i arbeidet. På ungdomsskulen er fagarbeidarane med på alle møter i personalet. På barneskulane er nokon med på nokon møter. Andre fagarbeidarar har SFO når det er møter i personalgruppa, og får derfor ikkje

deltatt i utviklingsarbeidet ut over planleggingsdagane til skulen. Alle skulane har eigne møter med fagarbeidarane og leiinga. Desse møta ligg i løpet av skuledagen.

4.11 Erfaringar frå andre kommunar

Øystre Slidre kommune har tre skular i dag der det er vektlagt at overgangen frå 7. til 8. kl gir elevane ein moglegheit for ein ny start for elevane. Arbeidsgruppa har valt å be om informasjon frå andre kommunar i Valdres som har 1.-10. skule eller ein barneskule og ein ungdomsskule for å få innsikt i deira erfaringar med overgangen frå 7. og 8. klasse. Vi har fått tilbakemelding frå to kommunar, der begge har 1.-10.skule. Dei har ikkje fokus på at det er ein ny start, men nyttar ungdomsskulen sin eigenart med nye fag og nye lærarar som ein reell overgang frå 7. til 8. klasse. Samstundes er mellomtrinn og ungdomstrinn fysisk avskilt i skulebygget og på skuleplassen. Dei opplever ikkje utfordringar knytt til dette.



KAPITTEL 5: MEDVERKNAD



5.1 Medverknad

I dette kapittelet er det samanfatta informasjonen frå intervju, skriftlege innspel og spørjeundersøkingane. Det er lagt ned eit stort arbeid i å innhente så mykje informasjon som mogleg for å sikre eit breiast mogleg kunnskapsgrunnlag. Dei ulike perspektiva er med på å danne eit heilskapleg bilete.

Djupdeintervju	FAU på alle skulane, arrangert i eit felles møte
	Elevråd på alle skulane
	Ungdomsrådet
	Tillitsvalde i Utdanningsforbundet, Delta og Fagforbundet
	Leiargruppa på skulane
	Pedagogisk psykologisk teneste
	Verneombod på skulane i eit felles møte
	Psykisk helseteneste, kommunefysioterapeut, skulehelsetenesta, tilrettelagte tenester, integreringstenesta i eit felles møte
	Frivillige lag- og organisasjonar Eige møte med idrettslaga
Spørjeundersøkingar	Foreldre i grunnskulen
	Foreldre i barnehagane
	Tilsette i skulen
Skriftlege innspel	Interkommunalt barnevern
	Barne- og ungdomspsykiatrien
	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
	Eldrerådet

Alle i arbeidsgruppa har delteke i arbeidet med å samle inn og referere innspela. Dette arbeidet har gitt arbeidsgruppa godt innblikk i erfaringane til dei ulike aktørane og kva perspektiv dei er opptekne av. Totalt har det kome inn svært mange innspel. Det har vore veldig interessant, men og utfordrande å skulle forstå og samanfatta denne informasjonen slik at alle opplever at deira stemme har blitt høyrte.

Stemmene frå både elevar, foreldre, tilsette, skuleleiing, 'laget rundt' og andre aktørar viser at alle har argument som talar både for og i mot ei endring.

5.2 Funn frå brukarmedverknad

I dette kapittelet er det samanfatta informasjonen frå intervju og spørjeundersøkingane. Fullstendig referat og svar frå spørjeundersøkingane ligg som vedlegg til utgreiinga.

Respondentar	Dagens skulestruktur	Endra skulestruktur
Elevråd/ungdomsråd	Positive sider: Godt å ikkje ha store klasser på barneskulen Overgang mellom barneskule og ungdomsskule er positivt. Ny start. Trener overgangar før vidaregåande Nærskulen gir følelse av tilhøyrse Utfordringar: Gir ulike miljø på barneskulane som påverkar også tida på ungdomsskulen	Positive sider: Fleire å spele på, fleire vener å velje i. Kan bli meir likt mellom skulane, både fagleg og sosialt Fleire lærarar innan enkelte fag Betre tilbod innanfor språkopplæring Fint å ha ungdomsklubben og andre fritidsaktivitetar i nærleiken Kan lære meir med fleire lærarar på fleire elevar Når vi er fleire elevar, kan fleire følgje med og sjå om nokon står åleine. Fleire kan hjelpe til. Fint å øve på å vera saman med fleire folk. Øve sosial kompetanse. Utfordringar: Utfordrande for dei med sosiale utfordringar Større klassar kan gje meir bråk Stor aldersforskjell i friminutta med 1.-10. Dumt med lang reiseveg, spesielt for dei yngste Kan bli mange vaksne som elevane må kjenne til At ein som elev ikkje har nye moglegheiter.
FAU	Fordeler: Overgang barnehage – grunnskule, barneskule-ungdomsskule. Meina det er bra at barna har en tydeleg overgang mellom barneskule og ungdomsskule, og for nokon er det godt med en ny start.	Fordeler: Meir robuste fagmiljø. Større potensiale i det sosiale miljøet for elevane Profesjonalisert leiding/administrasjon ved skulen Større miljø for å få engasjert foreldre

	No begynner skulen å ha "landa". Det er rolegare, meir stabilt. Trygt med mindre forhold fordi det er gode moglegheiter for tett oppfølging og god oversikt. Lett å ta kontakt med lærer og skule. Foreldregruppa har god oversikt og godt fellesskap Skulestrukturen er praktisk i kvardagen: avstand, transport, aktivitetar Fine nærområde, positivt at det er aktivitet på nærskulen utanom skuletid Ulemper: Små fagmiljø Tilgang på vikarar Kan bli for små klasser To barneskular gir et unaturleg skilje i bygda Godt nøgde med fagmiljø, men i periodar ustabilt. Læringsmiljøet er hovudsakeleg godt, men kan variere på trinn. Viktig at vi har ekstrapersonar med fagkompetanse til å hjelpe dei som fell utanfor	Kompetanse og fagmiljø kan ha meir nytte av kvarandre. Meir tverrfagleg kompetanse inn i skula. Meir samla kommune, bryte ned grenseskilje Ikkje transport til symjing. Ferie-SFO midt i bygda. Mindre sårbart ved fråvær. Ulemper: Auka reiseveg – mindre fritid, spesielt sårbart for dei yngste. Reiseveg på maksimalt 30 minutt ein veg er greitt. Redd det vil går utover fritidsaktivitetar. Dårlegare tilhøyrsløse til lokalsamfunnet, spesielt sør i bygda. Store kull, spesielt for skulestartar. Logistikk, SFO/skolestart-tidspunkt. Trygghetstap, miljø/mobbing, læring og oppfølging vanskelegare når det er fleire elevar i ei klasse. Frykt for at miljø, fagmiljø/rekruttering og læring ikkje blir lettare på større skule dersom vi ikkje samtidig jobbar aktivt med å endre korleis vi jobbar.
Foreldre barnehage og skule	Mindre skular vil gje eit tryggare sosialt miljø. 61% av foreldra i skulen og 70% av foreldra i barnehagane seier dei er negative til samlokalisering av barneskulane. Om lag 70 % av foreldra i skule og barnehage seier at mindre skular gjer tryggare sosialt miljø. Om lag 80% av foreldra meiner dagens skulestruktur gjev gode moglegheiter for variert læretilbod og aktivitetar. Foreldre seier at nærskulen har mykje å seie for tilhøyrsløse i bygda og for leik- og aktivitet i nærområdet. Over 90% av foreldra er nøgd med dagens reiseveg til skulen.	Det er ei overvekt av foreldre som seier at større klasser ikkje vil føre til betre moglegheiter for venskap, tryggleik og inkludering. Barnehageforeldra er noko meir negative til større klasser. 30- 50 % meiner ikkje at eit samla SFO vil gje eit betre leike- og aktivitetstilbod og litt under 50 % seier at det ikkje er greitt med SFO midt i bygda enn dei som meiner det er greitt, medan om lag 35% seier det er greitt. Det er delte meiningar om det vil kunne verke samlande for innbyggjarane i Øystre Slidre med ei større barneskule. Mellom 40-60% meiner det ikkje er greitt å gå på same skule i 10 år. Om lag 50% av foreldra i skule og 70 % i barnehage meiner større ei skule ikkje gjev betre grunnlag for fagleg utvikling. 33% av foreldra i skule

	Foreldra i barnehagane har rangert kva som vektar mest når barnet deira skal byrje på skulen. Stabilitet i personalet er vekta høgast, med varierte læringstilbod som nummer to. Reiseveg er i midten og liten elevgruppe er på fjerde plass. På femte plass er større elevgruppe.	og 13% av foreldra i barnehage meiner ei større skule gjev betre grunnlag for fagleg utvikling. 40-50% meiner samlokalisering av skule og kulturskule vil vere bra.
Tillitsvalde og verneombod	Fordeler: Vi kjenner kvarandre og vår arbeidssituasjon, også kor krevjande den kan være. Vi samarbeider på tvers og har god oversikt. God oversikt over fagleg utvikling hjå elevane Mykje god støtte av kollegaer og leiinga på skulane. Ulemper: Er ikkje konkurransedyktige i rekrutteringa Lite kommunikasjon mellom skulane Mange lærarar i dag underviser i fag dei ikkje har kompetanse i. Ein ser kor viktig det er å ha nok ressursar og kor sårbart og krevjande det er når ein ikkje har det. Spesielt med tanke på fråvær av tilsette, anten det er sjukefråvær, kurs eller utdanning. Det er og stor variasjon mellom årskulla og elevbehov. For tilsette med fleire roller kan det være ekstra utfordrande å skilje dei ulike rollene i frå kvarandre når ein utøver arbeidsoppgåvene sine. Ventilasjon og inneklima er og ei utfordring, men også tilgang på ulike rom, trygge soner, solskjerming og innsyn. Ein ser ei auke i stressnivå og arbeidsoppgåver. Ein ser at HMS gruppene har ei positiv effekt ved å følgje tettare	Fordeler: Ein vil kunne samkøyre ressursar, og fagmiljøet er større som igjen gjer det lettare å sjå samanhangen i eit fag. Det fører til at ein lettare vil kunne bruke kvarandre sine styrker i eit større miljø, som vil heve kvaliteten og gi elevar som har behov tilrettelagt opplæring. Skulen vil framstå meir konkurransedyktige innanfor rekruttering. Det vil vera lettare å vera ny når det er fleire på trinnet. Det vil og kunne vere lettare å nytte lærarkompetanse i større team. Da blir du sterkare og dei tilsette kan brukast på det dei er spesielt gode på. Vidare framstår ein sterkare i møte med forventningar utanfrå og ein kan utnytte kompetansen i fagmiljøet i møte med ulike elevbehov. Det vil og vere lettare ivareta nye når det er fleire på trinnet. Lærarutdanninga er i dag smal, og den er tilpassa store skuler og ikkje små skuler. Så sjølv om vi slår saman skulane til ein skule er det fortsatt ein liten skule. For eit lokalsamfunn er det viktig å ha ein skule. Bygda vil tape ein del. Skulen er til for elevane. Så må ein sjå på dette i ein typografisk samanheng. Fokus på korleis dette kan styrke eit sentrum i kommunen? Det er ei lita skule sjølv om vi samlar oss til ei skule. Som kommune vil vi tene på det, Rogne og Lidar vil tape på det. Ulemper: Ikkje heilt sikre på om eit nytt skulebygg vil løyse utfordringane, både når det gjeld skulekvardagen med elevar og tilsette, inneklima, tilgang på rom, solskjerming og innsyn. Om ein tenkjer nytt bygg lyt ein ta høgde for svingingar på alle område.

	opp, løyse utfordringar og kan jobbe i forkant for å redusere stresset. Nokon klasser blir for små. Klasser under 15 blir for små, og klassane kan bli «fattige».	Det er og ei bekymring om ei større skule vil føre til auka kompleksitet og fleire rutinar, som gjer at ein mistar oversikt som tilsett. Det er og ei bekymring rundt avstand til leiinga, kven ein skal vende seg til og at ein lyt bygge opp fellesskapet på nytt. Nye problemstillingar kan oppstå. Kva med informasjonsflyten? Om ein tenkjer nytt lyt alle være involvert i prosessen. Spesielt leiarar med si leiargruppe, og verneombod og tillitsvalde må inkluderast i heile prosessen.
Tilsette	Tilsette er delt likt i haldningane om samlokalisering av barneskulane. Hovudvekta meiner at skulestruktur ikkje har noko å seie for elevdemokrati. Om vaksenrolla svarar ei overvekt at skulestorleiken ikkje har noko å seie for klasseleiing og elevmerknad. Tilsette svarar omtrent likt om det er positiv eller negativ betydning for samarbeidet med andre instansar. Nokre få seier det vil ha litt negativ påverknad. Dei tilsette seier det er viktig å ha leiargruppa tett på. Så å seie alle tilsette meiner nærskulen har mykje å seie for tilhøyrse i bygda.	Ein overvekt på om lag 20 % seier at større skule enn i dag vil kunne virke litt positivt/positivt på inkludering og det sosiale miljøet for elevane. Innanfor fagleg utvikling svarar fleirtalet at større skular vil kunne ha positiv effekt på fagleg utvikling, tilpassa opplæring, særskild språk-opplæring, varierte læringstilbod og aktivitetar, samt inkluderande praksis. Det er overvekt på tilsette som trur det vil ha ei positiv påverknad med større skular for varierte læringsaktivitetar og undervisning. Ei større skule vil verke positivt på profesjonsfellesskapet, både for fagleg utvikling, bruk av eigen kompetanse og teamsamarbeid med kollegaer Fleirtalet svarar ingen skilnad eller veit ikkje på spørsmål om effekt for SFO med ei samla barneskule. Etter det kjem positiv verknad og litt positiv verknad som nummer to. Dei mest positive svara for ein felles SFO er moglegheiter for variasjon i leike – og aktivitetstilbodet og at fagarbeidarar kan får vorte med på fleire møte med resten av kollegiet. 58 % seier at ei større barneskule vil verka samlande for innbyggjarane i Øystre Slidre. 47,5 % svarar at dersom skulen blir større vil skulen i Øystre Slidre bli ein meir attraktiv arbeidsplass, medan 32,5 % seier det ikkje vil ha nokon betydning. 20 % seier det vil bli mindre attraktivt. Det er positive med større skule er at leiargruppa blir meir robust.

		Det er flest tilsette som trur at det vil vere negativt med ei større skule når det gjeld å følgje med på elevane si utvikling. Det er fleire som uttrykker at det kan vere litt negativ effekt på klasseleiing med større skular enn små i forhold til dei som seier det er positivt. Det er ei overvekt som seier det kan vere negativ effekt på relasjon og det å sjå den einskilde eleven på større skular. Det mest negative svaret for ei felles barneskule er relasjonar mellom tilsette og ungar. 45 % seier det ikkje vil vere bra å gå på ei skule gjennom heile grunnskulen, 35 % seier det vil kunne fungere medan 20 % ikkje veit.
Leiging ved skulane	Positive sider: Små fagmiljø og trygge rammer sikrar god oppfølging av elevar og ei stabil kjerne i personalet. Leiinga kan være tettare på og følgje opp tilsette, elevar og saker. Godt samarbeid mellom leiinga og instansar. Gode lokale, nærmiljø og fasilitetar for meir praktisk læring. Utfordringar: Ressursbruk og kvalitet samsvarer ikkje alltid med resultat. Det kan være ulik forståing for kvalitet og grunnleggjande ferdigheiter. Fragmentert organisering. Stor administrativ belastning. Motivasjonsutfordringar og ulike elevar med ulike behov.	Positive sider: Ressursutnytting: Rett kompetanse kan brukast meir målretta på tvers av grupper. Styrkte fagmiljø: Større fagseksjonar, meir samarbeid og meir stabil kvalitet i undervisninga. Auka kvalitet på opplæringa: Mindre 1–1, meir fleksibel organisering (basisgrupper, språkopplæring, tilrettelagt opplæring). Meir effektiv leiging og drift: Ei samla leiargruppe, tydelegare ansvar og mindre dobbeltarbeid. Større elev- og personalmiljø: Betre sosialt og fagleg miljø, lettare samarbeid med andre tenester. Betre organisering av SFO med meir leiging og fagleg inkludering av fagarbeidarar. Moglegheit for felles kurs og kulturbygging i heile kommunen. Risiko og utfordringar ved endring: Mindre nærleik i leiinga: Vanskelegare å vere tett på alle elevar og tilsette med færre leiarar. Større einingar: Kan opplevast som utrygt for dei yngste elevane. Lengre reiseveg for nokre, med konsekvensar for skule, SFO og rekruttering.

		Mindre «ny start»-moglegheit dersom ein samlar trinn eller miljø med utfordringar. Kapasitetsutfordringar: Symjing, kroppsøving, uteområde og behov for meir utstyr.
Laget rundt	Positivt: Hovudsakeleg godt samarbeid med skulane. Skulehelsetenesta og psykisk helse jobbar tett med skulane, men ser potensialet for meir samarbeid. Ulemper: Kontora i dag er ikkje egna for fortrulege samtaler ettersom dei ikkje er lydisolert godt nok. Kan vera vanskeleg for tenestene å få kontakt med skulane, merkantile er ikkje til stades full tid. Informasjon kan gleppe ved sjukdom/leiarskifte Informasjonsflyt kan vera personavhengig.	Positivt: -PPT er ikkje redd for mindre inkludering. Dei trur eigentleg at det kan bli meir inkludering og større mangfald om skulen vert større. -Betre utnytting av ressursane til «laget rundt» med omsyn til 'dobbeltarbeid' og reisetid. -Innsatsteam vil kanskje få færre faste deltakarar med meir oversikt. -Større fagmiljø på skulen kan gi betre fagleg kvalitet. -Enklare logistikk med omsyn til samarbeidsmøte med tilsette på skulen og andre -Enklare for «laget rundt» å forhalde oss til få, faste kontaktpersonar. -Moglegheit for betre egna lokale til kontor, grupperom mm. -Barneverntenesta meiner det vil kunne være ein gevinst at ressursane er meir samla og med det vil kunne være kontinuerleg tilgjengeleg på skulen kvar dag. Som samarbeidspartner ser BVT ein samla administrasjon som ein fordel ved at det er «ein veg inn» og at skulen har samla oversikt over elevane sine igjennom eit heilt skuleløp. Ulemper: -Rektor kan få mindre oversikt i enkeltsaker og mindre tid til å involvere seg der det er nødvendig. -Elevane treng overgangen frå barneskule til ungdomsskule. -Ein kan bli sårbar for budsjettkutt. Risiko for mindre eigarskap, lengre reiseveg og å bli brikke i eit system ved større skular. Anna:-Ha stort fokus på universell utforming av ein ev. ny 1.- 10. skule, både inne - og utemiljø, spesielt med tanke på framandspråklege barn/familiar og andre elevar med særskilte behov.

		-Ifølge BUP vil endra skulestruktur ikkje nødvendigvis føre til at 1-linje lettare kan organisere og systematisere sitt arbeid og dei ser dette som viktig å arbeide med uavhengig av valt skulestruktur. - Om ein bygger nytt er det viktig at skulebygget gir moglegheiter til å jobbe på ulike måtar (lydisolering, klasseromstorleik, ulike rom).
Lag og foreiningar	Utan skule vil grunnlaget for nærmiljøet bli svekka. Mange har busett seg i nærområdet på grunn av skulen. I dagens samfunn tel det at alt er tilrettelagt med gangveg og aktivitetstilbod. Meir køyring til aktivitetar vil ikkje vera å ta omsyn til miljøet. Har erfart at grender vart påverka når nærskulen vart lagt ned. Dette er viktig å ta lærdom av. Dagens struktur fungerer rimeleg godt.	Dersom det bli ny skulestruktur må ein starte på nytt og skape nye verdiar. Å ta med ulike verdiar og flette dei saman er ikkje heilt enkelt. Redd for at barn og unge blir med på færre fritidsaktivitetar på grunn av tidsklemma. Dei yngste er mest sårbare.

Frå kommentarane i spørjeundersøkinga til tilsette

Positive sider ved dagens skulestruktur:

Mindre forhold og mindre klasser gjer det tryggare for mange elevar, og det er lettare å sjå og følgje opp den enkelte elev.

Bra at overgangen til ungdomsskulen gir eit skifte av kontekst.

Tenestevegen er kort og det er lett å ha oversikt over dei ulike rollene.

Samarbeidet mellom dei tilsette får gjort til at ein kan tilpasse undervisninga godt til elevane.

Kortare reiseveg for elevane, og skulen blir ein forlenging av nærmiljøet.

Utfordringar ved dagens skulestruktur:

Enkelte trinn har små klasser, og det er vanskeleg å finne venner.

Begrensa sosialt mangfald kan gi mindre trening i å handterer konflikhtar og tilpasse seg andre.

Med mange enkeltvedtak blir det for lite normalitet i små klasser.

Små fagmiljø og avgrensa fagressursar. Sårbarheit ved fråvær/sjukdom.

Positive sider ved endra skulestruktur:

Større sosialt mangfald, større variasjon i interesser, bakgrunn og personlegheiter.

Større fagmiljø for tilsette. Større breidde i kompetansa blant tilsette, fleire erfaringar og større team å jobbe i.
Enklare å organisere gode tilbod for særskild språkopplæring og andre grupper med utvida behov for tilpassingar.
Lettare å rekruttere lærarar til ei større skule der ein kan ha noko meir fagspesialisering. Kunne tilby fleire fulle stillingar.
Lettare å få tak i vikarar som kan brukast på tvers av skuleslag mm.
Betre nytting av samordna leiarressurs og merkantil.
Ein større skule kan samle ressursar som bibliotek, gymsal og spesialrom, noko som kan gje elevane tilgang til betre fasilitetar.
Lettare samarbeid med kulturskulen, og vi vil få høve til å tenkje meir heildagsskule.

Utfordringar ved endra skulestruktur:

Større skule kan føre til utfordringar med klassemiljøet. Det kan vere vanskelegare å skape eit trygt og inkluderande miljø når elevtalet aukar.
Elevane treng eit miljøskifte frå barneskule til ungdomsskule
Skulemiljøsaker blir meir komplekse med fleire elevar. Konflikhtar kan lettare oppstå, og mobbing kan bli meir utbreitt i større grupper. Det kan bli vanskelegare å følgje opp alle elevane i friminutt og overgangane.
Lang reiseveg. Kan påverke barns deltaking i aktivitetar utanom skuletid. Tap av nærmiljøkjensle.

Innspel frå eldrerådet:

Vi meiner det er for kort tid sidan to skulebygg vart utbygde for store summar, til at dei i nær framtid skal ut av bruk, og det skal investerast i eit heilt nytt skulebygg. Vi trur mange av innbyggjarane generelt i Øystre Slidre vil stille seg nokså kritisk til dette. Då må i tilfelle bygga kunne brukast til andre kommunale føremål.

Vi meiner uavhengig av dette, at det kan vera positive sider ved at alle ungane i kommunen går på same skule. Dei får like tilhøve, læringsmiljø og same reglar og skuletid. Ein negativ effekt er lengre tid på skulebussen for mange. Men det kan elles ha ein positiv verknad på organiseringa av skuleskyssordninga. Med omsyn til befolkningsrognosane fram til 2050, vil tal elevar i grunnskulen halde seg på gjennomsnittleg ca 30 pr. årskull. Det vil derfor vera to klasser pr. kull anten det er ein eller to skular. På ein skule vil det vel vera lettare å utnytte personalkapasiteten. Når det gjeld miljøet rundt skulen, er det vel usikkert kor mykje det har å seie å ha skule i grenda, då innbyggjarane generelt kanskje ikkje har so mykje med skulen å gjera. Dei fleste i kommunen har ikkje skule i nærmiljøet sitt no heller.

Innspel frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Korleis framtidens skule i Øystre Slidre kan sikre god kvalitet og eit godt lærings- og arbeidsmiljø:

Ta omsyn til demografisk utvikling og elevtal i kommunen.

Sikre gode leiarar som kan styre nødvendige utviklingsprosessar med mål om å behalde/betre arbeidsmiljø og eit utviklande lærings- og elevmiljø.

Sikre rekruttering og behalde fagutdanna personell framover.

Sikre fagleg utvikling av tilsette i eit større arbeidsfellesskap.

Sikre at lærarar med høg kompetanse kan samarbeide i større og profesjonelle fellesskap.

Sikre at vi har fagutdanna personell som kan gi individuell tilpassa opplæring (ITO) med høg kvalitet. Det kan vere ein fordel å samle lærarar med denne fagkompetansen i eit større miljø.

Sikre eit fagleg godt skuletilbod til særleg sårbare barn og unge. Det bør givast eit særskilt fokus på elevar med skulevegving eller utanforskap i denne skulestrukturprosessen.

Det er viktig å ta omsyn til både barnet sitt beste og fagleg kvalitet i vurderinga av dei tre alternativa.

Skulane representerer eit viktig samlingspunkt i lokalsamfunnet.

Små, nære og oversiktlege skular kan gi eit tryggare læringsmiljø for nokre elevar.

Kan «Lidar-modellen» vere ein god modell for ny skulestruktur, med måten skulekvardagen er organisert på (basisgrupper, praktiske fag på slutten av skuledagen)?

Reiseavstand til og frå skulen med buss kan vere ei utfordring for elevar, både når det gjeld reisetid og kva som kan oppstå på reisa.

Med eventuelt éin skule vil det for ein del elevar medføre lengre reiseveg til skulen og til levering og henting på SFO.

Ved to barneskular kan det i nokre tilfelle vere ei god løysing for eleven å bytte skule innanfor kommunen.

I dagens skulestruktur blir frivillige lag og eldre brukte til til dømes lyttevenner, juleverkstad, haustsuppe osv. Dette er svært positive tiltak for elevane, og det er viktig at det held fram. Det kan vere meir utfordrande å få frivillige til å stille opp dersom avstandane blir store.

I dag blir alle skulane nytta av lag og foreiningar gratis som grendehus. Det er viktig at dette held fram som ei ordning i lokalsamfunnet, med nærleik til der ein bur.



KAPITTEL 6: OPPSUMMERING OG ANBEFALINGAR



Rapporten gir, med bakgrunn i mandatet, eit heilskapleg bilete basert på forskning, statistikk og erfaringsbasert kunnskap i tillegg til lokal kunnskap gjennom brei medverknad.

Skulane har i dag kvar sine styrker og kvar sine utfordringar som påverkar læringsmiljøet og elevane si læring. Gjennom denne utgreiinga er det vist til viktige rammefaktorar for å lykkast med kvalitet i skulen både ut i frå trygt og godt skulemiljø og god fagleg utvikling.

Rapporten har i kapittel 2 vist til mellom anna FNs barnekonvensjon og opplæringslova om barns beste som eit generelt styringsprinsipp i all offentleg verksemd i opplæringssektoren. I kapittel 6.2 er barnets beste vurdert med bakgrunn i forskning og erfaringsbasert kunnskap om barn, barns utvikling, lek, læring og danning etter kriterium i Barnekonvensjonen.

Kapittel 3 'Kvalitet i skulen' viser til nasjonale og kommunale føringar som gir tydelege rammer for kva som er forventa av skuleeigar og alle aktørane i og rundt skulen. Rapporten viser til at ulik forskning på området ikkje kan fastslå at den eine skulestrukturen er betre enn den andre. Mindre kommunar, som Øystre Slidre, har ein del spesifikke utfordringar knytt til leiing, administrativ støtte og tilgang på lærarar med formell kompetanse i fag i grunnskulen. Forskinga viser også til at dette er viktige rammefaktorar for kvalitet i skulen.

Kapittel 4 'Statistikk og erfaringsbasert kunnskap' viser fakta om status for skulane i Øystre Slidre. Resultat frå Elevundersøkinga over år gir informasjon som kan nyttast på systemnivå, mellom anna i arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø. Resultat på Nasjonale prøver over år viser at Øystre Slidre fleire år har snitt under nasjonalt nivå. Kommunen ligg og lågare enn fylket og nasjonalt på grunnskulepoeng, men har likevel ein

høgare del av vidaregåandeelevane som fullfører enn fylket og regionalt. Kommunen oppfyller ikkje lovkravet om tilsetting og om undervisningskompetanse i fag, men det er ei betring. Kommunalsjefen viser til både positive og utfordrande sider ved skuledrifta.

Kapittel 5 'Medverknad' gir ei oppsummering frå alle spørjeskjema, møter og intervju. All grunnlagsdokumentasjon er med som vedlegg i rapporten. Det har vore ei kompleks vurdering å sikre at dei ulike perspektiva har fått rett vekting. Frå alle aktørane er det stemmer både for og i mot endring. Foreldregruppa (både barnehage og skule) er i større grad i mot å slå saman barneskulane, enn dei tilsette og 'laget rundt'. Det vert vist til hemmarar i dagens struktur som kan vere ei styrke i endra struktur, og motsatt. Dette samsvarar og med funna i rapporten som vart presentert i kapittel 3, der ein ser at argumentasjonen ofte fordeler seg i desse to spora. Kunnskapsinnhentinga vi har gjort i Øystre Slidre, skiljer seg slik sett ikkje ut frå det nasjonale biletet.

Elevane og dei tilsette – inkludert skoleleiarane – er dei viktigaste aktørane i skulen, og innsikta deira er avgjerande for å sikre ei kunnskapsbasert og relevant utgreiing. Deira innspel er derfor vektlagt særskilt.

Arbeidsgruppa samansetning av ulike fagkompetanse og erfaringsbakgrunn har bidrege til å balansere kunnskapsgrunnlaget opp mot mandatet. Vidare oppsummering og anbefaling viser dette.

6.1 Læring og læringsmiljø

Kunnskapsgrunnlaget på feltet peikar på at læringsmiljø og læringsutbytte blir påverka av fleire faktorar. Særleg viktige er kvaliteten på undervisninga, skuleleiinga si evne til å utvikle organisasjonen, styrken i profesjons-

fellesskapet, elevsamansetninga og korleis opplæringa er organisert. Desse faktorane har større betydning for elevane sitt læringsutbytte og trivsel enn strukturelle forhold åleine.

Elevgruppa i Øystre Slidre er mangfaldig, og vi legg til grunn at den vil fortsette å vera det i framtida. Det vil seie at skulen skal kunne:

- fysisk tilrettelegging for elevar med ulike funksjonsnedsettingar
- tilpasse læringsmål og metodar for elevar som har utfordringar
- legge til rette for større faglege utfordringar til dei som treng det
- ha tilbod om særskild språkopplæring til dei som treng det
- ivareta elevar som har utfordringar med å finne plassen sin innanfor ein fellesskap
- ivareta elevar som uttrykker vanskane sine med utagerande åtferd
- legge til rette for at alle elevar skal få ein god utvikling ut i frå sin ståstad

I skulen lærer elevane ved å samarbeide, kommunisere og dele erfaringar med medelevar og lærarar. Fellesskapet bidreg til tryggleik og tilhøyrse, noko som igjen styrkar motivasjon og læring. Når elevane får delta aktivt i ein inkluderande læringsfellesskap, blir læring ein felles prosess der ein støttar kvarandre i utvikling og meistring. Alle elevar har rett på eit trygt og godt læringsmiljø i fellesskapen. Foreldreundersøkingane viser at foreldre er uroa for at ei større skule vil gje store klassar og meir uoversiktleg miljø, særleg for dei yngste. Dei tilsette seier at det i dag er lett å tilpasse for elevane når det er små miljø. Samstundes seier dei at klassane i dag kan bli for små og at dette kan gi uheldige utfall. Både tilsette og skuleleiinga meiner at eit større fagmiljø vil gje ei større fagleg breidde. Dette kan bidra til at tilsette sin kompetanse blir utnytta betre. Dette støttar både FAU og laget rundt elevane.

Forskinga syner at storleiken på skulen i Øystre Slidre ikkje vil vera avgjerande for læringa og læringsmiljøet. Om de blir ei strukturendring vil skulen likevel vera liten til middels stor i norsk samanheng. Forskinga viser til at ein større skule kan verke positivt på elevane si læring ved at det er eit større elevmangfald og større fagmiljø for personalet.

6.1.1 Kulturelle forhold

I følge st. meld 22 handlar kulturelle forhold i læringsmiljøet om dei verdiane, normane og haldningane som pregar skulen og læringsfellesskapet. Desse påverkar korleis elevane opplever tilhøyrse, trivsel og læring.

Elevundersøkinga gir oss informasjon som kan indikere kulturelle forhold som påverkar elevane sine opplevingar. Kommunen har hatt høge mobbetal over år og på fleire trinn.

Det er omlag like mange som gjennom intervju/undersøkingane meiner at små skular gir eit trygt og godt læringsmiljø, og dei som meiner at eit større miljø vil gi større moglegheiter for det same. Foreldre seier at det er trygt med mindre forhold fordi det er gode moglegheiter for tett oppfølging og god oversikt. Leiinga seier at større elev- og personalmiljø vil gi eit betre sosialt- og fagleg miljø og lette samhandlinga med andre tenester. Elevar og tilsette seier at små miljø er oversiktlege, spesielt for dei yngste, og at større miljø vil kunne gje fleire å spele på og verke positivt på det sosiale miljøet.

Skulen sin struktur og kultur pregar samhandling og profesjonsfellesskapa. Skulane har gjennom fleire år hatt fast struktur for kontinuerleg utviklingsarbeid i kollegiet. Mykje av dette arbeidet er relatert til læringsmiljø og læring. Det er kome innspel frå elevane, tilsette og foreldre om at det er eit

ynskje at barneskulane skal bli meir like. Elevane trakk fram at endra skulestruktur kan gjera skulen meir lik både fagleg og sosialt. Ved dagens skulestruktur kan ønsket om å vera meir like gi god utvikling, men også hemme fleksibilitet og variasjon i skulane ut i frå den enkelte skule sine styrker/faglege ressursar. Nokre rammefaktorar styrer moglegheitene for samhandling mellom skulane, som arbeidstidsavtaler og skuleskyssordning som bestemmer start og sluttid på skulane. Ved ein felles grunnskule vil skuledagen kunne ha same start- og sluttid, slik at fellestida for utviklingsarbeid vil ligge likt og personalet i grunnskulen er samla. Profesjonsfellesskapet er sårbart på små skular når det er fråvær, sjølv om sturturen legg godt til rette for samarbeid.

6.1.2 Relasjonelle forhold

St. meld 22 seier at relasjonelle forhold i læringsmiljøet handlar om kvaliteten på samspel og relasjonar mellom elevane og mellom lærar og elevar. Desse relasjonane er avgjerande for trivsel, tilhøyrslø og læring i skulen.

Personalet på skulen, som kvar dag møter elevane, er tettast på elevgruppa. Dei jobbar kontinuerleg med læringsmiljøet og tilrettelegging for læring både i fellesskapet og individuelt. Det er viktig for elevane at dette er kjende, profesjonelle vaksne. Her spelar stabilitet i personalgruppa ei viktig rolle. Høgt sjukefråvær og stor turnover gir dårlegare rammer for relasjonelle forhold. Om sjukefråværet og turnover vil gå ned ved endra skulestruktur er vanskeleg å seie. Ved dagens skulestruktur har kvar skule «sine» vikarar som blir kjende på skulen. Det vert sjeldan nytta vikarar på tvers av skulane fordi mykje tid vil gå bort til reise. Samtidig vil det kunne vera mindre sårbart med fleire vaksne på ei skule når det blir fråvær. Det er

grunn til å tru at rekruttering og å behalde personalet vil vera enklare på ei større skule, der dei tilsette i større grad kan nytte kompetansen dei har i ulike fag.

Ut i frå dagens elevtal varierer klassestorleiken på barneskulane frå 10 til 21 elevar. Dersom ei skulestrukturendring samlar barneskulane, vil trinna variere frå 20 elevar til 35 elevar, der hovudvekta er frå 28 elevar til 35 elevar. Dette vil dermed kunne organiserast som to klassar per trinn. Det vil seie at elevtalet i klassa ikkje vil skilje seg stort frå i dag, men få ei jamnare fordeling. I dag er variasjonsbreidda på klassestorleiken 11 og ved ei samanslåing vil variasjonsbreidda bli 7,5. Klasser på 10 elevar eller færre er sårbare, og det kan vere ein større risikofaktor for læringsmiljøet. I intervjuet kom det fram at klasser under 15 elevar kan bli «fattige». Ei lita klasse kan ha same variasjon i elevgruppa som ei større klasse, og vi har klasser i dag med få elevar som har tre til fire vaksne inne for å dekke dei ulike elevbehova.

Ein kan fagleg vurdere å ikkje dele klassene på for eksempel 28 elevar, men nytte ressursane fleksibelt for elevgruppa på trinnet. Dette kan vera meir aktuelt frå 5. trinn og oppover enn for dei yngste.

Forsking kan ikkje seie at skulestruktur har avgjerande betydning for relasjonelle forhold. Det er små utslag som talar for og imot storleiken på skulen, men det kan vera ein fordel å ha eit visst mangfald i elevgruppa. Det er ein skilnad på kor stor ein skule er og kor store klassane er. I Øystre Slidre vil ei strukturendring gje mindre risiko for særleg små klassar.

Det er i medverknadsprosessen kome innspel frå nesten alle gruppene med respondentar at det er viktig med ein overgang mellom barneskulen og ungdomsskulen. Det er vist til erfaringar med at elevane får moglegheit til 'ein ny start'. Denne tilbakemeldinga er viktig å ta med seg i vurderinga.

Skulane har i dag gode rutinar for å trygge overgangen mellom barneskule og ungdomsskule, spesielt retta mot sårbare barn og unge.

I tilbakemeldinga frå kommunar med 1.- 10. klasse viser dei til at dei er bevisste på å lage ein reell overgang, men kallar det ikkje 'ein ny start'. Dei opplever ikkje overgangen frå 7.- 8 klasse som ei utfordring.

6.1.3 Fysiske forhold

St.meld 22 seier at fysiske forhold i læringsmiljøet handlar om dei konkrete rammene rundt læringa, som skulebygg, utstyr og utforming av læringsrom. Desse forholda påverkar elevane si helse, trivsel og moglegheit for læring.

Alle tre skulane melder inn at dei har rammer til å realiserer læreplanen.

Laget rundt melder at dei i dag ikkje har eigna rom på alle skulane i forhold til deira behov.

Status på skulebygga og behov for å kunne møte forventningane i framtida er ikkje vurdert i denne utgreiinga.

6.1.4 Rammer for kulturelle og relasjonelle forhold

Skuleleiinga er rekna som den nest viktigaste skulerelaterte faktoren for elevane si læring, etter undervisninga i klasserommet. (Leithwood, K. et al.) Ei stabil leiing med både utdanning og erfaring innanfor leiing viser seg å ha ein betydeleg effekt på elevane si læring og læringsmiljøet. Både nasjonale og internasjonale rapportar peikar på større forventningar og meir ansvar i rolla. Leiinga står i krysspress og brukar mykje tid på administrasjon i staden for pedagogisk leiing. Merkantil ressurs er med på å avlaste leiinga og er

også eit bindeledd mellom heimane og skulen ved at dei er tilgjengelege når heimane tek kontakt. Ordninga i dag fungerer godt. Ved færre skular ville dekninga vore betre/full dekning.

Leiargruppa trekte fram i djubdeintervjuet at dei opplever å ha mange oppgåver, og at dei i stor grad må utføre dei same oppgåvene kvar for seg på dei tre skulane. Ved færre skular kan ein etablere ei større leiargruppe som kan fordele oppgåvene mellom seg, samstundes som fleire arbeidsoppgåver berre må gjennomførast éin gong. Dette vil redusere dobbelt- og trippelarbeid, effektivisere ressursbruken og frigjere meir tid til pedagogisk leiing.

Det kan vera meir attraktivt å vera leiar på ein noko større skule enn dei vi har i dag, og ha ei større leiargruppe å samarbeide med. Samtidig melder tilsette inn at det er viktig at leiaren er tett på og at leiar kjenner godt til kvardagen i skulen. Det kom og fram i intervju/ undersøkingane både frå tilsette og leiarane ei bekymring for at ei større skule vil kunne bidra til at rektor får mindre tid til oppfølging av elevane og dei tilsette.

Dei tilsette og 'laget rundt' viser og til kor viktig rektorrolla er for å sikre gode strukturar, system og relasjonsbygging.

Uavhengig av skulestruktur har leiing ved skulen ei avgjerande rolle for kva verdiar, normer og haldningar som pregar skulen. Leiinga bør bestå av fleire enn ein rektor, og erfaring viser at vi får mest ut av leiargruppa ved 100% stillingar.

Det er ulik kompetanse hjå tilsette, som mellom anna vernepleiar, barnevernspedagog, barne- og ungdomsarbeidar og ergoterapeut. Denne kompetansen er i dag fordelt ulikt på skulane. Både tilsette og 'laget rundt' viser til at det tek tid å reise mellom skulane, tid som heller kunne ha vore brukt direkte mot elevane dersom det hadde vore ein skule.

I dypdeintervjuet med tillitsvalde framheva dei kor viktig det er med kompetanse, ressursar og tid. Både kulturelle og relasjonelle forhold blir forma av dei menneska som er på skulen. Tillitsvalde meiner at det ikkje bør vera for stor utskifting av personalet. Tilsette må organiserast på ein måte som sikrar at kompetanse og tid blir nytta best mogleg. Dei meiner ei større skule vil vera meir konkurransedyktige i tilsettingar, og det vil vera lettare å kome inn som ny. Ein god start legg også eit godt grunnlag for å bli verande i skulen.

Innanfor det sosiale mangfaldet vil skulestorleik og klassestorleik spele inn for både kulturelle og relasjonelle forhold. Fleire respondentar er usikre på om større skular vil gi meir trygghet og meir uro for elevane, særleg heimane melder dette. PPT meiner det kan bli meir inkludering og større mangfald om skulen vert større. Tillitsvalde meiner klasser under 15 kan bli fattige, ved at det blir for få å spele på i fellesskapet. Dei seier også at om kommunen endrar skulestrukturen vil det ikkje bli ein stor skule. Samtidig som dei også seier at små klasser kan vera trygt og oversiktleg.

Tal elevar i skulefritidsordninga (SFO) har gått opp dei siste åra, og dei vil truleg halde seg på det nivået det ligg på no. Det er kome innspel frå tilsette om at ein samla SFO vil gje større moglegheiter for eit variert tilbod, kanskje mellom anna ved å ha fritidsaktivitetar som ein del av SFO. Samstundes melder mange foreldre inn ei stor bekymring for kvardagen til heimane med lengre reiseveg, spesielt på ettermiddag. Fleire er uroa for at det blir ei større tidsklemme som vil ende med at ungane er med på færre fritidsaktivitetar.

I dagens struktur er det kantina som er brukt til fast lokale. Ved ei større skule med fleire elevar på SFO vil det kunne vera naudsynt å tenkje anna

lokale for SFO for å kunne tilpasse behovet og realiserer rammeplanen for SFO.

6.1.5 Læring

På barneskulane har det vore spesielt krevjande å få nok lærarar med rett fagkompetanse til å undervise i faga som opplæringslova krev. Kommunen har hatt avvik over år, og det gir stort utslag på ei skule dersom ein lærar med rett fagkompetanse sluttar.

Øystre Slidre har lågare snitt i grunnskulepoeng enn dei andre kommunane i Valdres. Læringsresultata varierer både mellom fag, skular og trinn. Med få elevar er det naturleg med eit stort variasjonsspenn.

Få elevar i ei klasse eller ustabilitet i personalet kan vera hemmarar for utvikling, samstundes som få elevar i ei klasse også blir meldt inn som positivt. Gjennom spørjeundersøkingane og intervjuar vert det trekt fram at større og meir robuste fagmiljø vil kunne gje betre fagleg kvalitet og meir fleksibel organisering. Totalt sett har vi kompetansen vi treng i kommunen, og dedikerte tilsette som legg godt til rette for fagleg utvikling. Forskinga viser til at ved å samle personalet og dermed nytte fagkompetanse meir fleksibelt vil dette kunne gje meir robuste profesjonsfellesskapet.

Individuell tilrettelagt opplæring (ITO): Dei ulike gruppene av respondentar trekk fram at det er trygt med mindre forhold for det kan gje gode moglegheiter for tett oppfølging og god oversikt. På den andre sida vert det trekt fram at større skular kan gje større moglegheiter for meir fleksibel organisering og målretta bruk av kompetanse på tvers av grupper. Elevane i kommunen vil få eit meir likt tilbod. Dette vil kunne gje ein positiv effekt både for dei særleg sårbare elevane, men og for dei som treng større faglege utfordringar.

6.2 Barnets beste vurdering

Alle barn og unge i barnehage- og grunnskulealder i Øystre Slide er råka av denne utgreiinga. Barn og unges stemme er innhenta gjennom intervju med elevråda ved alle tre skulane og ungdomsrådet. Deira stemme er og indirekte høyrte gjennom spørjeundersøking til alle foreldre med barn i barnehage og grunnskule, FAU ved alle skulane, spørjeundersøking til alle tilsette i skulane og djubdeintervju med fagpersonar som samarbeider tett med barnehagane, skulane og foreldre. Barnets beste er vurdert med bakgrunn i forskning og erfaringsbasert kunnskap om barn, barns utvikling, leik, læring og danning etter kriterium i Barnekonvensjonen. Vurderingane skal få fram konsekvensane barna får av vedtak, og kunne vega dette opp mot andre omsyn i saka.

Identitet, karaktertrekk og eigenskapane til barnet

Det er liten grunn til å tru at eit tilbod om å vere del av ein større skule eller ei vidareføring av eigen skule vil ha stor betydning for moglegheita til å sikre identitet, karaktertrekk og eigenskapar hos elevane, men det vil kunne gje eit større mangfald som rommar eit breiare spekter av karaktertrekk og identitetar. Det vil kunne bidra i kvar og ein si utvikling.

Dette momentet vil likevel i seg sjølv ikkje tale for ei løysing framfor ei anna.

Barnet sin rett til vern, omsorg og tryggleik

Det er liten grunn til å tru at eit tilbod om å vere del av ein større skule eller ei vidareføring av eigen skule vil ha stor betydning for moglegheita til å sikre vern, omsorg og tryggleik for elevane. Statistikk og forskning

underbyggjer verken at store eller små skular er å føretrekke for å sikre gode læringsmiljø. Kvaliteten på læringsmiljøet er i større grad påverka av kompetanse og arbeidsmåtar enn av storleiken på skulen. Dette momentet vil i seg sjølv ikkje tale for ei løysing framfor ei anna.

Sårbarheita til barnet

Sårbare elevar, som til dømes barn med funksjonsnedsetjingar og elevar som ikkje meistarar norsk, vil i utgangspunktet få same tilbod uavhengig av skulestorleik. Elevar med faglege og sosiale utfordringar vil òg bli vurderte som sårbare elevar.

Når det gjeld moglegheita til å byggje kompetanse og fagmiljø knytt til elevar med ulike sårbarheiter, kan det vere lettare å byggje opp gode og varige tilbod ved å samle fleire elevar og tilsette. Moglegheita for kompetanseheving vil bli enklare, og gje ein større fleksibilitet i bruk av ressursane når dei er samla. Skulen si evne til å byggje og halde på kompetanse i arbeid med sårbare elevgrupper vil ha eit større potensial når dette kan kanalisert inn mot færre skular.

Dette momentet støttar ei omstrukturering til færre skular i kommunen.

Retten eleven har til utdanning / retten barnet har til utvikling

Retten til utdanning og utvikling vil uansett skulestruktur vere skulen sitt hovudmandat. Forsking er tvetydig når det gjeld effekten av store og små skular med omsyn til kvaliteten på undervisninga, og kan i liten grad vere eit moment for ei løysing framfor ei anna i skulestruktur.

Sett i samanheng med førre punkt, sårbare elevar, vil det likevel vere sannsynleg at retten til utdanning og utvikling for denne gruppa kan styrkjast gjennom større skular med eit breiare fag- og kompetansemiljø. Den overordna delen i ny læreplan stiller krav til profesjonelle læringsfellesskap i skulane, der samarbeid skal styrkje kompetansen i

skulane og hos lærarar. I kapittelet om kvalitet i skulen er det peika på moglege fordelar ved større skular samanlikna med mindre skular på dette punktet. Likevel er det mogleg å drive profesjonelle læringsfellesskap også ved mindre skular.

For vurderinga av barnet sitt beste er det vanskeleg å slå fast at større skular er ein fordel for retten til utdanning, men det kan liggje eit større potensial for at alle elevar får tilpassa opplæring frå eit kollegium med fleire tilsette, som gjev breiare kompetanse enn ein finn ved små skular. Ein eventuell ny skule vil kunne byggjast meir fleksibel og i tråd med «framtida sin skule» enn det eldre skulebygg er rusta for. Det vil vera behov for oppgradering på skulane uavhengig av skulestrukturendring. Dette momentet støttar ei omstrukturering til færre skular i kommunen.

Rett til fritid

«Barn har rett til kvile, fritid og lek, og til å delta i kunst- og kulturliv.»
(Barnekonvensjonen, artikkel 31)

Alternativa til endra skulestruktur vil i nokon grad endre elevane sine moglegheiter til kvile, fritid og lek.

Skuleskyss for grunnskuleelevane i Øystre Slidre er mellom anna styrt av oppstart for elevar på vidaregåande skule. I praksis er dette ein betydeleg rammefaktor for når skuledagen startar og sluttar på dei ulike skulane i kommunen. Det er derfor ikkje pedagogiske avgjerder som er hovudårsak til skuletidene. Det vil det ikkje vera uansett korleis skulestrukturen i kommunen blir, men med færre skular kan ein ha noko meir lik skuledag for elevane. Reiseveg har mange vore opptatt av i denne utgreiinga. Skuleveg vil vera med å prege læringsmiljø og rammane for læring. Hovudbilete er at det er greitt med inntil 30-40 minutt på buss ein veg. Innlandet fylket seier at den lengste skulevegen vil ta 35 minutt, dersom skulen ligg ein stad midt

i bygda. Det finst ingen nasjonale føringar for kva som er «for lang» skuleveg. Skulevegen vil i utgangspunktet ikkje vera til hinder for retten til kvile, fritid og lek, men den tida det tek for heimane å hente på SFO etter jobb på ettermiddagen vil bli lengre for nokon av heimane. Dette vil kunne gjere til at det blir noko mindre tid på ettermiddagen for nokon elevar, dersom organiseringa av fritidsaktivitetane og tidene fortset slik som i dag. Det er ikkje vurdert alternativ for endringar innan organisering i denne rapporten, og det har heller ikkje vore dialog med lag- og foreiningar om dette.

Oppsummering barnets beste vurdering

Det er nokre moment i vurderingane om barns beste som i liten grad blir påverka av skulestruktur i seg sjølv, medan andre moment viser moglegheiter for å styrkje tilbodet med færre og større skular. Vi har ikkje i denne prosessen kome fram til eit alternativ som er best for det enkelte barn i Øystre Slidre, til det er alle barn og unges behov for ulike. I barnets bestevurdering må vi derfor tenkje heilskapleg, samstundes må vi også vurdere konsekvensane for det som blir berørt i ytterpunktta.

Ei totalvurdering syner at barnas beste innanfor læring og læringsmiljø ikkje gir eit tydeleg svar. Dersom det blir vedteke å sjå vidare skulestrukturen er det viktig å greie grundigare ut kva moglegheiter som fins for å få best mogleg kvardag for barna og deira familiar for å sikre at dei har tid til kvile, lek og aktivitetar på fritida.

6.3 Lokalsamfunn

Det er ikkje vurdert konsekvensar for lokalsamfunnet ut over å ha take inn stemma til lag- og foreiningar. Brukarstemma seier i hovudvekt at dei er bekymra for driftsgrunnlaget sitt, tidspresset for heimane og reise-

avstandar. Dei har behov for å ha tilgang til lokalane dei har i dag for å drifte i lokalmiljøet, spesielt sør i kommunen. Arbeidet har ikkje vurdert korleis vi kan møte utfordringane som er meldt inn i ein eventuell skulestruktur.

6.4 Arbeidsgruppa si anbefaling

Basert på det kunnskapsgrunnlaget som er henta inn, kan ikkje arbeidsgruppa konkludere med at ein endra skulestruktur i seg sjølv vil gi betre kvalitet i skulen i Øystre Slidre. Rapporten belyser likevel mange viktige faktorar for kva ein bør ta tak i for å betre kvaliteten i skulen, uavhengig av skulestruktur.

I arbeidet med rapporten har det kome fram faktorar ved dagens struktur som kan hemme kvalitetsutviklinga i skulen, særleg innanfor leining, robuste profesjonsfellesskap og tverrfagleg samarbeid. Større einingar kan gi betre rom for arbeidet med å utvikle desse faktorane. Med bakgrunn i dette, nasjonale føringar for skulen og krav til omstilling til sektoren tilrår eit fleirtal i arbeidsgruppa å gå vidare i utgreiingsarbeidet. Det er likevel viktig frå arbeidsgruppa si side å streke under at ei strukturendring i seg sjølv ikkje er svaret på utfordringane skulen i Øystre Slidre står overfor i dag og framover i tid.

Ei skulestrukturendring vil ha konsekvensar for lokalmiljøet, med både fordeler og ulemper for ulike delar av kommunen. Om kommunen vedtek å gå vidare med prosessen tilrår arbeidsgruppa at ein i neste omgang gjer ei heilskapleg vurdering der konsekvensane for lokalsamfunnet blir særskilt vurdert. Anbefalingar for ein vidare prosess er beskrive i kapittel 7.



KAPITTEL 7: VEGEN VIDARE



Dagens skulestruktur med 3 skular

Dersom kommunestyret vel å ikkje endre skulestrukturen vil det vera behov for ein gjennomgang av uteområda på barneskulane og andre oppgraderingar på skulebygga. Desse behova er ikkje vurdert i denne utgreiinga. Det er viktig å legge til rette for at tilsette får vidareutdanning i fleire fag, slik at kommunen dekkjer krava i opplæringslova.

Behov for nærare utgreiing om:

Økonomi:

- oppgradering av uteområda ved alle skulane
- tilpassingar av møte-/grupperom ved alle skulane
- tilgang til klasserom og spesialrom på barneskulane

Kompetanse:

- fagkompetanse som dekkjer nasjonale krav ved alle skulane
- auka samarbeid/profesjonsfellesskap på tvers av skulane
- ressurseffektivt og kvalitativt godt samarbeid med 'laget rundt'
- nytte tilgjengeleg kompetanse der det er behov uavhengig av skule

Dersom kommunestyret vel å ikkje utgreie skulestrukturen ytterlegare, er det heile arbeidsgruppa anbefaling å bruke denne rapporten som eit kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av skulane i kommunen.

Endra skulestruktur til 1 eller 2 skular

Dersom det blir vurdert to skular i kommunen må ungdomsskulen også vera med i arbeidet om felles kultur på skulane.

Behov for nærare utgreiing om:

Økonomi:

- Utbyggingskostnader
 - o Plassering
 - o Krav til utforming av uteområde og skulebygg
- Ressursutnytting personell
 - o leiing, pedagogar, andre tilsette, reinhald, vaktmeister, 'laget rundt'

Skulefritidsordning (SFO)

- Samarbeid med kulturskulen og lag/foreiningar
- Opningstider
- Tilsette

Skuleskyss

- Moglege endringar i ruteval for å minske reisetid

Lokalsamfunn og bruk av eksisterande bygningsmasse

- Behov
- Ansvar

Dersom kommunestyret vel å greie ut mogleg endra skulestruktur vidare, anbefalar arbeidsgruppa å søkje informasjon for samanliknbare kommuner for å lære av deira erfaringar for å lykkast best mogleg.



KAPITTEL 8: VEDLEGG OG KJELDELISTE



8.1 Vedlegg

Vedleggnr.	Innhald
1	Svar Innlandstrafikk
2	Innspel frå eldrerådet
3	Innspel for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
4	Svar på spørjeskjema BUP
5	Svar på spørjeskjema Interkommunal barnevernteneste
6	Foreldreundersøking barnehage
7	Foreldreundersøking skule
8	Undersøking tilsette
9	Undersøking tilsette tekstsvar
10	Referat djuvdeintervju elevrådet Lidar
11	Referat djuvdeintervju elevrådet Rogne
12	Referat djuvdeintervju elevrådet ØSUS
13	Referat djuvdeintervju leiargruppa
14	Referat djuvdeintervju FAU
15	Referat djuvdeintervju laget rundt
16	Referat djuvdeintervju tillitsvalde
17	Referat djuvdeintervju verneombod
18	Referat djuvdeintervju ungdomsråd
19	Referat djuvdeintervju frivillige lag og foreiningar
20	Referat djuvdeintervju idrettslaga
21	Referat djuvdeintervju PPT
22	Plan for utgreiing av mogleg endra skulestruktur

8.2 Kjeldeliste

Sykefravær – SSB

Forfang, H. (2022). *Organisatoriske kjennetegn ved kommuner i rurale regioner med gode skoleresultater over tid* (Doktorgradsavhandling). Universitetet i Innlandet.

Nordahl, T. (2022). *Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring* (Skriftserien nr. 9-2022). Senter for praksisrettet utdanningsforskning (SePU), Høgskolen i Innlandet.

Storm, H. N., Videt, L. L., Waldahl, R. H., Brandtzæg, B. A., Weiss, D., & Sele, S. (2026). *Skolenedleggelser: Om prosesser, konsekvenser og lokale slagmarker* (Rapport 931). Telemarksforskning.

Leithwood, K., Louis, K. S., Anderson, S., & Wahlstrom, K. (2004). *How Leadership Influences Student Learning*. The Wallace Foundation.

FNs konvensjon om barnets rettår (Barnekonvensjonen): [FNs konvensjon om barnets rettigheter- regjeringen.no](#)

Opplæringslova: [Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\)- Lovdata](#)

Veileder bruk av barnekonvensjonen i saksbehandling:
<https://www.udir.no/globalassets/filer/regelverk/rundskriv/veiledning-til-bruk-av-barnekonvensjonen.pdf>

Stortingsmelding 22 Motivasjon- mestring – muligheter: [Meld. St. 22 \(2010 – 2011\)- regjeringen.no](#)

Læreplanen – overordna del: [Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen | udir.no](#)

Rapport, en skole for vår tid (2021): [en-skole-for-var-tid_v5.pdf](#)

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis (2024): [Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis | udir.no](#)

Meld.St 6 (2019-2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO: [Meld. St. 6 \(2019–2020\)- regjeringen.no](#)

NOU 2022: 13 Med videre betydning Et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling i barnehage og skole: [NOU 2022: 13- regjeringen.no](#)

Strategi for rekruttering til lærerutdanningene og læreryrket 2024–2030: [Strategi for rekruttering til lærerutdanningene og læreryrket 2024–2030- regjeringen.no](#)

Skolestørrelse og sammenhenger med elevenes trivsel og læring (2022): [Nordahl-rapport-Skolestørrelse-og-sammenheng-med-elevenes-trivsel-og-læring.pdf](#)

Om prosesser, konsekvenser og lokale slagmerker (2026):
[Skolenedleggelser- Telemarksforskning](#)

Grunnskolen informasjonssystem: [GSI- Grunnskolen Informasjonssystem](#)

Statistikk nasjonale prøver og elevundersøkinga: [Statistikk | udir.no](#)